

Forskrift til opplæringslova

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 23. juni 2006 med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 1–3, § 2–2 første og femte ledd, § 2–3 tredje ledd, § 2–5 sjette og sjuande ledd, § 2–6, § 2–7, § 3–1 tredje ledd, § 3–2 første ledd, § 3–3 sjette ledd, § 3–4 første ledd, § 3–6 andre ledd, § 3–9 femte ledd, § 4A–3 første ledd, § 4A–4 femte ledd, § 6–2 femte ledd, § 6–3 første ledd, § 6–4, § 7–2, § 9–2 første og andre ledd, § 9–4, § 9a–9, § 10–1, § 10–3, § 10–9 fjerde ledd, § 11–9, § 12–4 andre og åttande ledd, § 13–1 andre ledd, § 13–3 og § 14–1 fjerde ledd.

Kapittel 1 Innhaldet i opplæringa

(Opplæringslova § 1–3, § 2–2 første ledd og femte ledd, § 2–3 tredje ledd, § 2–5 sjette ledd, § 2–6, § 3–1 tredje ledd, § 3–2 første ledd og § 3–4 første ledd og § 6–4)

§ 1–1 *Opplæringa i grunnskolen*

I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga. Frå kravet i første punktum gjeld desse unntaka:

- a) For spesialundervisning gjeld opplæringslova § 5–5. Reglane om spesialundervisning gjeld også for opplæring med utgangspunkt i dei læreplanalternativa som går fram av dei andre punkta i denne paragrafen.
- b) Elevar i samisk distrikt, jf. opplæringslova § 6–1, skal ha opplæring i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk. Det same gjeld elevar utanfor samisk distrikt når dei får opplæring på samisk, jf. opplæringslova § 6–2 andre ledd.
- c) Elevar som får opplæring i samisk utanfor samisk distrikt, skal ha opplæring i samsvar med det ordinære Læreplanverket for Kunnskapsløftet, men skal følgje Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk når det gjeld opplæringa i samisk.
- d) Elevar med teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2–6 har i teiknspråk, norsk, engelsk og musikk rett til opplæring i samsvar med læreplanane i norsk teiknspråk, norsk for døve og sterkt tunghørte, engelsk for døve og sterkt tunghørte og drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte.
- e) Elevar som har rett til særskild norskopplæring etter opplæringslova § 2–8, skal få opplæring etter tilpassing til læreplanen i norsk eller opplæring etter læreplanen i norsk som andrespråk.
- f) Elevar med rett til punktskriftoptlæring med mer etter opplæringslova § 2–14 har rett til inntil 1525 timar i tillegg til den ordinære timeramma i fag- og timefordelinga.

§ 1–2 *Grunnskoleopplæring for vaksne*

Læreplanverket for Kunnskapsløftet skal, så langt det passar, også brukast i grunnskoleopplæringa for vaksne. Opplæringa skal tilpassast vaksne og skal vere eigna til å føre dei vaksne fram til vitnemål etter §§ 3–28 flg.

§ 1–3 Vidaregåande opplæring

Den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet og den fastsette tilbudsstrukturen. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga.

- a) Elevar som får opplæring ved ein knutepunktskole etter opplæringslova § 3–9 andre ledd, har i teiknspråk, norsk og engelsk rett til opplæring i samsvar med læreplanane i norsk teiknspråk, norsk for døve og sterkt tunghørte, engelsk for døve og sterkt tunghørte.
- b) Elevar med rett til punktskriftopplæring med meir etter opplæringslova § 3–10 har rett til inntil 456 timar i tillegg til den ordinære timeramma i fag- og timefordelinga.

§ 1–4 Tid til opplæring og eksamen

I Læreplanverket for Kunnskapsløftet er fag- og timefordelinga fastsett. Tida som går med til eksamen, medrekna eventuell førebuingstid som blir teken frå undervisninga, skal reknast som opplæringstid. Elevar som ikkje blir trekte ut til eksamen, skal ha ordinær opplæring.

§ 1–5 Særleg om fag- og timefordelinga i grunnskolen

For elevar som skifter skole gjeld den vedtekne timefordelinga for den skolen dei til kvar tid går på.

§ 1–6 Rammer for dagleg skoletid i grunnskolen

Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl. 08.00 eller slutte etter kl. 15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd.

§ 1–7 Bruk av skoletida i grunnskolen til anna enn grunnskoleopplæring

Når skoletida blir nytta til konfirmantundervisning etter § 36 i kyrkjelova, skal dei timane som fell bort, delast på alle faga i skolen. Andre trus- og livsynssamfunn har same retten til å bruke av skolen si tid som Den norske kyrkja har.

§ 1–8 Opplæring i framandspråk og språkleg fordjuping i grunnskolen

Elevane på ungdomstrinnet i grunnskolen skal i tillegg til opplæring i engelsk ha opplæring i eit framandspråk til eller språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk. Når ein elev har valt anten framandspråk eller språkleg fordjuping, skal eleven normalt ha faget på heile ungdomstrinnet. Når opplæring i framandspråk og språkleg fordjuping tek til, kan elevane i første halvåret gjere omval i samråd med skolen. Når det ligg føre særlege grunnar, kan skoleeigaren godkjenne overgang på eit seinare tidspunkt.

Skoleeigaren skal tilby opplæring i framandspråk i minst eitt av dei fire språka tysk, fransk, spansk eller russisk etter læreplanen i framandspråk på nivå I ved kvar skole. I tillegg kan det vere tilbod om andre språk, også ikkje-europeiske, etter same læreplanen.

Skoleeigaren bestemmer kva for framandspråk elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast.

Skoleeigaren skal tilby opplæring i språkleg fordjuping i minst eitt av faga norsk, engelsk eller samisk ved kvar skole. Skoleeigaren bestemmer kva for språkleg fordjuping elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast.

Elevar som har hatt opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping, har ikkje rett til å halde fram med opplæring i det framandspråket eller den språklege fordjupinga dei har begynt på, dersom dei skifter skole. Skoleeigaren bør likevel, så langt det er mogleg, leggje til rette for at elevane kan halde fram med opplæring i det språket dei har begynt på.

§ 1–9 *Nærmare om opplæring i framandspråk og språkleg fordjuping i grunnskolen*

Elevar som får opplæring i samisk som første- eller andrespråk, er unnatekne frå kravet om opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping i grunnskolen. Desse elevane har likevel rett til opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping dersom dei ønskjer det.

Elevar som får opplæring i finsk som andrespråk etter opplæringslova § 2–7, norsk teiknspråk etter opplæringslova § 2–6 eller særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2–8, kan etter søknad bli fritekne frå kravet om opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping.

Elevar som er unnatekne frå kravet om opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping, skal få forsterka opplæring i engelsk, norsk, samisk, finsk eller eit anna språk som eleven alt har eit grunnlag i.

§ 1–10 *Opplæring i framandspråk i vidaregåande opplæring*

Elevar i vidaregåande opplæring som held fram med det same framandspråket som dei har hatt i grunnskolen, skal følgje læreplanen for framandspråk fellesfag, nivå II. Elevar som begynner med eit nytt framandspråk, skal følgje læreplanen for framandspråk fellesfag, nivå I. Elevar som på ungdomstrinnet ikkje har hatt opplæring i framandspråk i grunnskolen, skal ha opplæring både i nivå I og i nivå II i læreplanen når dei begynner med framandspråk i vidaregåande opplæring.

Elevar som får opplæring i samisk som første- eller andrespråk, finsk som andrespråk eller norsk teiknspråk etter opplæringslova § 3–9, er unnatekne frå kravet om opplæring i framandspråk.

§ 1–11 *Opplæring i norsk sidemål*

For desse elevane gjeld ikkje kravet om opplæring i norsk sidemål:

- a) elevar med opplæring i samisk som førstespråk eller andrespråk
- b) elevar som har finsk som andrespråk
- c) elevar som får opplæring i teiknspråk etter opplæringslova §§ 2–6 og 3–9
- d) elevar i grunnskolen som får særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2–8.

Når det gjeld fritak frå vurdering i norsk sidemål, sjå § 3–6 og § 4–11.

§ 1–12 *Fritak frå opplæring i fag i vidaregåande opplæring*

Normalt skal heiltidselevar, jf. definisjonen i § 6–2, følgje opplæringa i alle fag slik det er fastsett for det aktuelle utdanningsprogrammet eller programområdet for å få vitnemål. Rektor kan likevel etter søknad gi fritak frå opplæring i fag som inngår i fagfordelinga, dersom eleven tidlegare har bestått det same faget eller har bestått likeverdig eller meir omfattande opplæring i faget.

For den praktiske delen av kompetansemåla i faget kroppsoving kan rektor etter søknad gi fritak frå opplæring når ei fråsegn frå lege dokumenterer at opplæringa er til skade for eleven, og tilpassa opplæring ikkje er mogleg.

§ 1–13 Fritak frå fag for privatistar og vaksne som følgjer vidaregåande opplæring spesielt organisert for dei

Fylkeskommunen kan etter søknad gi privatistar fritak frå fag som inngår i eit utdanningsprogram eller programområde, dersom vedkommande tidlegare har bestått eit fag som er likeverdig eller meir omfattande.

Reglane i §§ 1-10, 1-11 og 1-12 gjeld også for privatistar og vaksne som følgjer vidaregåande opplæring spesielt organisert for dei.

Privatistar i yrkesfaglege utdanningsprogram som har minst 5 år allsidig yrkespraksis, eventuelt inkludert opplæring i faget, er fritakne frå kravet om fellesfag for å få vitnemål som gir yrkeskompetanse. Det same gjeld vaksne som følgjer opplæring spesielt organisert for dei, og som har minst 5 år allsidig praksis, eventuelt inkludert opplæring i faget. Føresegnene om fritak frå fellesfag for å få yrkeskompetanse gjeld ikkje krava for å få generell studiekompetanse. I dei yrkesfaga der det er knytt offentleg nasjonal eller internasjonal sertifisering til eit utferda vitnemål, kan det ikkje gjerast unntak i strid med slike sertifiseringsføresegner.

Kapittel 2 Rapportering og evaluering av opplæringsverksemda

(Opplæringslova § 14–1 fjerde ledd)

§ 2–1 Verksemdsbasert vurdering

Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadene.

§ 2–2 Rapportering frå kommunen og fylkeskommunen

Skoleeigaren skal medverke til å etablere administrative system og å innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.

§ 2–3 Nasjonale undersøkingar om læringsmiljøet for elevane

Skoleeigaren skal sørge for at nasjonale undersøkingar om motivasjon, trivsel, mobbing, elevmedverknad, elevdemokrati og det fysiske miljøet blir gjennomførte og følgde opp lokalt.

§ 2–4 Prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar

Elevar skal delta i prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar fastsette av departementet. Skoleeigaren skal sørge for at dette blir gjennomført.

For elevar som får spesialundervisning etter kapittel 5 i opplæringslova, og når det dessutan er klart at prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven, kan skolen gjere vedtak om å frita eleven frå å delta i prøvene. Det same gjeld grunnskoleelevar som får særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2–8, og elevar som går i vidaregåande opplæring, og som følgjer individuell opplæringsplan i norsk. Eleven sjølv eller foreldra eller dei føresette kan likevel bestemme at eleven skal ta prøvene.

Skolar som gir opplæring etter alternative læreplanar i faga, skal kunne søkje om å leggje prøvene til eit anna trinn enn det som er fastsett, eller søkje fritak frå å delta i prøvene. Slike søknader må grunngivast ut frå læreplanane til skolen. Søknaden skal sendast til Utdanningsdirektoratet.

Internasjonale skolar og utanlandske skolar kan etter søknad til Utdanningsdirektoratet få fritak dersom det verkar openbert urimeleg at elevane skal delta i prøvene.

Departementet fastsett nærmare reglar for gjennomføringa av prøvene.

Kapittel 3 Vurdering i grunnskolen

(Opplæringslova § 2–3 tredje ledd og § 4A-4 femte ledd)

§ 3–1 Rett til vurdering

Elevar i offentlege grunnskolar og skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2–12, har rett til vurdering etter reglane i dette kapitlet. Kapitlet gjeld ikkje dei som får privat grunnskoleopplæring i heimen etter opplæringslova § 2–13.

Det skal leggjast vekt på å gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane. Det skal også leggjast til rette for at elevane kan gjere god eigenvurdering.

Skoleeigaren har ansvaret for at elevane får oppfylt rettane sine.

§ 3–2 Kontakten med heimen

Skolen skal halde god kontakt med foreldra eller dei føresette. Kontaktlæraren skal minst to gonger i året ha ein planlagd og strukturert samtale med foreldra eller dei føresette om korleis eleven arbeider til dagleg og gjere greie for korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga og dei andre måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Samtalen skal munne ut i ei oppsummering, mellom anna med sikte på å bli einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet. Når eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til å vere med i samtalen.

I tillegg til samtale kan ein nytte skriftleg melding når skolen eller heimen finn det formålstenleg. Det skal alltid sendast skriftleg melding når foreldra eller dei føresette ikkje møter til samtale.

Alle elevar i grunnskolen skal ha ei meldingsbok som foreldra eller dei føresette og kontaktlæraren bruker til meldingar om fråvær, søknader om å få fri, osv. Melding til heimen om eventuell misferd skal ein gi i eige brev.

Vurdering

§ 3–3 *Underegsvurdering og sluttvurdering*

Elevane skal ha underegsvurdering og sluttvurdering.

Underegsvurderinga skal ein gi løpande i opplæringa som rettleiing til eleven. Ho skal hjelpe til å fremje læring, utvikle kompetansen til eleven og gi grunnlag for tilpassa opplæring. Underegsvurdering kan ein gi både med og utan karakter.

Sluttvurderinga skal gi informasjon om nivået til eleven ved avslutninga av grunnskoleopplæringa.

§ 3–4 *Vurdering utan karakter*

På barnetrinnet, til og med 7. årstrinnet, skal skolen berre nytte vurdering utan karakter.

Både på barne- og ungdomstrinnet skal ein gi vurdering utan karakter i form av ei beskrivande vurdering av korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga og dei andre måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet med sikte på at eleven på beste måte skal kunne nå desse måla. Det skal kunne dokumenterast at vurdering er gitt.

Elevane skal kunne delta i vurderinga av sitt eige arbeid.

§ 3–5 *Vurdering med karakterar*

På ungdomstrinnet, 8.–10. årstrinnet, skal elevane, i tillegg til vurdering utan karakterar, også ha karakterar i fag, i orden og i åtferd. Kva for fag som skal ha vurdering med karakter, er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal ha terminkarakterar og standpunkt-karakterar i alle desse faga. I tillegg får dei eksamens-karakterar i fag der dei blir trekte ut til eksamen.

Vurdering med karakterar skal givast med talkarakterar, med unntak av karakterane i orden og i åtferd.

Terminkarakterane i fag, i orden og i åtferd skal fastsetjast midt i opplæringsperioden for 8., 9. og 10. årstrinnet og ved slutten av skoleåret for 8. og 9. årstrinnet, i fag som ikkje er avgangsfag og dessutan i orden og i åtferd.

Terminkarakterane skal supplerast med grunn-giving og rettleiing. Det same gjeld når det blir gitt vurdering med karakter på prøver og anna arbeid underegsv i opplæringa.

Standpunkt-karakterar er karakterar som blir gitt ved slutten av opplæringa i avgangsfag, og som endeleg karakter på 10. årstrinnet i orden og i åtferd. Standpunkt-karakterane skal gi informasjon om den kompetansen eleven har oppnådd i faget. Standpunkt-karakterar er enkeltvedtak som det kan klagast på, jf. kapittel 5.

Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet. Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før kunngjeringa om lokalt trekkfag. Endeleg karakter i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at undervisninga og annan skoleaktivitet er avslutta.

Minoritetsspråklege elevar som begynner opplæringa i Noreg siste skolehalvåret, er fritekne frå vurdering med karakterar i fag dette skoleåret. Det gjeld både termin- og standpunktkarakter.

§ 3–6 *Fritak frå vurdering med karakter*

Når eleven får opplæring etter ein individuell opplæringsplan, avgjer foreldra eller dei føresette om eleven skal ha vurdering med eller utan karakter. Valretten gjeld berre i fag der eleven får opplæring etter slik plan.

I særlege tilfelle kan rektor, etter søknad frå foreldra eller dei føresette, frita elevar som har individuell opplæringsplan frå vurdering med karakter i orden og i åtferd.

I fag der det blir gitt både skriftleg og munnleg karakter, kan foreldra eller dei føresette til ein elev med individuell opplæringsplan i faget også velje om eleven skal ha berre munnleg eller skriftleg karakter i faget. Dei som vel karakter i norsk skriftleg, kan da velje karakter i den eine eller begge målformene.

Skoleeigaren skal sørge for at eleven og foreldra eller dei føresette får nødvendig rettleiing om kva val av vurdering utan karakter inneber for vurderinga av eleven.

Elevar som etter § 1–11 er unnatekne frå kravet om opplæring i norsk sidemål, er også unnatekne frå kravet om vurdering. Også andre elevar med anna morsmål enn norsk, samisk, finsk og teiknspråk, har i alle høve rett til fritak frå vurdering i norsk sidemål.

§ 3–7 *Grunnlaget for vurdering med karakterar i fag*

Grunnlaget for vurdering med karakterar er kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Karakterane skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har oppnådd på det tidspunktet vurderinga skjer, og ut fra det som er forventa på dette tidspunktet. Føresetnadene til den enkelte eleven skal ikkje trekkjast inn, så nær som i faget kroppsøving. I kroppsøving skal det leggjast vekt både på oppnådd kompetanse og på føresetnadene til den enkelte eleven. Vurdering i orden og i åtferd skal ikkje inngå i fagvurderinga.

§ 3–8 *Karakterar i fag*

Det skal nyttast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Karakteren 1 inneber at eleven har oppnådd liten kompetanse i faget. Karakteren 6 inneber at eleven har oppnådd særleg høg kompetanse. Berre heile talkarakterar skal brukast.

§ 3–9 *Karakterar i orden og i åtferd*

I orden og i åtferd skal ein av desse karakterane nyttast:

- a) God (G). Vanleg god orden og vanleg god åtferd

- b) Nokså god (Ng). Klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd
- c) Lite god (Lg). I ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd

Ved fastsetjinga av karakter i orden tek ein omsyn til om eleven viser vanleg god arbeidsinnsats og til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skole.

Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden.

Ved fastsetjinga av karakter i åtferd tek ein omsyn til korleis eleven ter seg på skoleområdet og elles når skolen har ansvaret for tilsynet med elevane. Ein skal særleg leggje vekt på korleis eleven ter seg mot andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn til korleis elevane ter seg mot kvarandre på skoleveggen og til til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skole.

Den vurderinga skolen gir i orden og i åtferd, skal haldast skild frå vurderinga av dei reint faglege prestasjonane.

Ein skal ta omsyn til eleven sine føresetnader, og til vanleg ikkje leggje avgjerande vekt på enkelthendingar. Hovudgrunnlaget for fastsetjing av standpunktkarakterar i orden og i åtferd skal vere orden og åtferd hos eleven det siste halve skoleåret.

§ 3–10 *Varsling*

Dersom det er tvil om ein elev på grunn av stort fråvær eller av andre særlege grunnar kan få terminkarakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, eller dersom det er fare for at eleven kan få standpunktkarakteren Nokså god eller Lite god i orden eller i åtferd, må eleven og foreldra eller dei føresette få skriftleg varsel. Varslet skal givast utan ugrunna opphald, slik at betre innsats kan gjere at termin- eller fagkarakter kan setjast, eller at betre orden eller åtferd kan påverke karakteren.

§ 3–11 *Fastsetjing av karakterar*

Dersom det er tvil om ein elev på grunn av stort fråvær eller av andre særlege grunnar kan få terminkarakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, må saka leggjast fram for rektor til avgjerd.

Rektor har ansvaret for at faglæraren, etter drøfting i møte der lærarane for elevane er til stades, set termin- og standpunktkarakterar i fag.

Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av termin- og standpunktkarakterar er følgde, kan han eller ho krevje ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte i protokollen.

Karakterane i orden og i åtferd skal fastsetjast i møte mellom alle lærarane til eleven. Dersom det er usemje, skal det røystast. Når ein elev får ein annan karakter enn God, skal det førast møtebok med ei kort grunngiving og eventuelt røystetal.

Kontaktlæraren leier møtet der terminkarakterane i orden og i åtferd blir fastsette. Ved likt røystetal har kontaktlæraren dobbelrøyst. Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av karakter er blitt følgde, kan han eller ho krevje nytt møte. Rektor er med i dette møtet og har røysterett. Ved likt røystetal har rektor dobbelrøyst.

Rektor leier møtet der standpunktarakterar i orden og i åtferd blir fastsette. Ved likt røystetal har rektor dobbelrøyst.

§ 3–12 *Fastsetjing av karakterar for elevar som har stort gyldig eller ugyldig fråvær*

Når det ikkje kan givast standpunktavurdering på grunn av stort gyldig eller ugyldig fråvær, gjeld siste terminkarakter som siste vurdering.

§ 3–13 *Fastsetjing av karakterar for elevar som blir fritekne for opplæringsplikt*

For elevar som blir fritekne for opplæringsplikt etter opplæringslova § 2–1 fjerde ledd, gjeld dei siste terminkarakterane som siste vurdering, jf. §§ 3–27 og 5–1.

Eksamen

§ 3–14 *Generelle føresegner*

Eksamen skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Læreplanen i det enkelte faget fastset om det skal vere eksamen i faget, om eksamen er obligatorisk eller skal trekkjast, om eksamensforma skal være skriftleg eller munnleg og om eksamen skal vere lokal eller sentral. Departementet fastset kor mange eksamenar det skal vere på 10. årstrinnet.

Når det gjeld trekking av fag til eksamen, skal eleven normalt få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med.

Det er ikkje utsett eller ny eksamen i grunnskolen.

Eksamen skal organiserast slik at eleven kan få vist både breidd og djupn i kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal gi uttrykk for den individuelle kompetansen til kvar elev, slik denne kjem fram på eksamen.

§ 3–15 *Oppmelding av elevar til eksamen*

Ein elev som fullfører eit fag som kan avsluttast med eksamen, kan trekkjast ut til eksamen i faget. Skolen melder elevane opp til eksamen. Oppmelding til sentralt gitt og lokalt gitt eksamen skjer til Fylkesmannen i det enkelte fylket. Utdanningsdirektoratet fastset oppmeldingsfristar.

§ 3–16 *Fritak frå eksamen*

Elevar som er fritekne for vurdering med karakter i eksamensfaget eller -faga, skal ikkje delta i eksamen i det eller dei faga.

Når det ligg føre tungtvegande grunnar, kan rektor etter søknad frå foreldra eller dei føresette frita elevar frå eksamen.

§ 3–17 *Sentralt gitt eksamen*

Ved sentralt gitt eksamen fastset Utdanningsdirektoratet korleis eksamen i det enkelte faget skal organiserast, eksamensoppgåva og dato for den enkelte eksamenen, dato for melding om trekkfag og sensurordningar. Kommunen har ansvaret for trekking av fag og elevar til eksamen og den praktiske gjennomføringa av eksamen.

§ 3–18 Lokalt gitt eksamen

Kommunen har ansvaret for gjennomføringa av *alle lokale eksamenar*. Faglærarane har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Eksamen kan organiserast i to delar, der første delen er ei førebuing, og andre delen er sjølv eksamen. Førebuingdelen kan vere på inntil 2 dagar og skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Rammene for lokal munnleg eksamen skal normalt vere inntil 30 minutt pr. elev.

§ 3–19 Hjelpemiddel til eksamen

Eksamen kan organiserast med eller utan hjelpemiddel. Departementet fastset kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart fag ved sentralt gitt eksamen. Ved lokalt gitt eksamen bestemmer skoleeigaren kva for hjelpemiddel som skal tillatast. Tillatne hjelpemiddel må vere formålstenlege og relevante for eksamen og ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere elevens eigen kompetanse.

§ 3–20 Særskild tilrettelegging av eksamen og prøver gjennom året

Elevar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Tiltaka må vere tilpassa behova til den enkelte og vere eigna til å utlikne problema til eleven så langt råd er. Tiltaka må ikkje føre til at eleven får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen og prøver gjennom året. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Der det i kompetansemåla er krav om skriftlege eller munnlege dugleikar, er det ikkje høve til å leggje til rette slik at desse dugleikane ikkje blir prøvde når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.

Rektor avgjer etter samråd med eleven og foreldra eller dei føresette kva for ordningar som skal nyttast. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen og prøver gjennom året krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

Utdanningsdirektoratet kan gi nærmare retningslinjer for særskild tilrettelegging.

§ 3–21 Bortvising frå eksamen

Ein elev som ikkje rettar seg etter dei reglane Utdanningsdirektoratet har fastsett for eksamen, kan visast bort av rektor. Vedtak om bortvising kan klagast på til Fylkesmannen. Skolen skal informere eleven og foreldra eller dei føresette om klageretten.

§ 3–22 Reaksjonsmåtar ved fusk, og annullering av eksamen

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller prøvd å fuske på eksamen. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor. Vedtak om annullering av eksamen kan klagast på til Fylkesmannen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen.

Skolen skal informere eleven og foreldra eller dei føresette om klageretten.

Dersom det er gjort formelle feil ved avviklinga av eksamen, kan Utdanningsdirektoratet annullere eksamen og etter søknad gi elevane dispensasjon frå kravet om eksamen.

Dersom ein elev har vore oppe til eksamen i eit fag der han eller ho ikkje får standpunktvurdering, blir eksamenskarakteren annullert.

§ 3–23 *Sensorar ved sentralt gitt eksamen*

Sensorar og oppmenn blir oppnemnde etter retningslinjer fastsette av Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet kan også gi nærmare retningslinjer for sensurering.

Prøvesvara ved sentralt gitt eksamen skal vurderast av to eksterne sensorar. Dersom det er usemje, skal karakteren avgjerast av ein oppmann.

§ 3–24 *Sensorar ved lokalt gitt eksamen*

Prøvesvara ved lokal eksamen skal vurderast av to sensorar, og den eine kan vere faglæraren til eleven. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Den eksterne sensoren avgjer i samarbeid med skolen kva eleven skal eksaminrast i, og avgjer karakteren dersom det er usemje. Ved lokale eksamenar har faglæraren plikt til å delta i vurderinga som sensor.

Dokumentasjon

§ 3–25 *Protokollføring*

Kvar skole skal ha to protokollar for føring av karakterar, ein for terminkarakterar og ein for standpunkt-karakterar og eksamenskarakterar. Karakterane er fastsette når karakterane er førte inn og protokollen er underteikna. Terminkarakterar kan ikkje endrast etter at dei er fastsette. Standpunkt-karakterar og eksamenskarakterar kan endrast etter klage. Føringsfeil skal rettast og attesterast av rektor.

Elevar som blir fritekne for opplæringsplikt, skal framleis stå oppførte i protokollane.

Utdanningsdirektoratet fastsett kva protokollane elles skal innehalde, og korleis dei skal førast.

§ 3–26 *Føring av terminkarakterar i karakterbok*

Alle elevar på ungdomstrinnet skal ha karakterbok eller karakterkort, der terminkarakterane skal førast. Også fråvær skal førast i karakterboka eller på karakterkortet.

§ 3–27 *Vitnemål*

Alle elevar skal ha vitnemål på formular som er fastsett av Utdanningsdirektoratet, når dei blir skrivne ut frå grunnskolen. Elevar med samisk i fagkrinsen skal ha vitnemål med norsk og samisk tekst. Elevar i skole for spesialundervisning og elevar i

fengselsundervisning skal få vitnemål frå ein naboskole eller skolen på heimstaden når eleven, foreldra eller dei føresette ber om det. Skolen skal opplyse om denne retten.

Vitnemålet skal først på grunnlag av protokollen for standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

Elevlar som har fått siste terminkarakter som vurdering i eit fag i staden for standpunktvurdering, skal få denne ført på vitnemålet.

Elevlar som har hatt individuell opplæringsplan, skal få det ført på vitnemålet dersom eleven eller foreldra eller dei føresette ønskjer det.

Elevlar som er heilt fritekne for vurdering med karakterar, skal ha vitnemål som viser at eleven har fullført grunnskolen.

Utdanningsdirektoratet gir nærmare reglar for korleis vitnemåla skal først.

Dersom vitnemålet går tapt, skal det utferdast nytt vitnemål som skal vere identisk så langt råd er, men vitnemålet skal ikkje tilbakedaterast.

Grunnskoleopplæring for vaksne

§ 3–28 Grunnskoleopplæring for vaksne

Dei som har rett til grunnskoleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A–1, kan følgje opplæring spesielt organisert for dei.

Vaksne kan og få godkjent eitt eller fleire fag eller kompetansemål på grunnlag av kompetansekartlegging. Når det er gitt godkjent kompetanse i delar av eit fag, har den vaksne rett til å få opplæring i resten av kompetansemåla i faget.

Vaksne kan også ta fag som privatist.

Kommunen skal orientere vaksne om den ordninga som er fastlagd i lova og forskrifta, og er ansvarlig for opplæringa.

§ 3–29 Standpunktvurdering

Vaksne som deltek i eit grunnskoetilbod som kommunen har ansvaret for, har rett til å få standpunktkarakterar i dei faga dei følgjer opplæringa i. Karaktarskalaen er den same som elles for grunnskolen. Standpunktkarakter blir gitt berre i heile fag.

Grunnlaget for standpunktvurdering i faga er kompetansemåla slik dei er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Karakteren skal gi uttrykk for den kompetansen den vaksne har oppnådd på tidspunktet for vurderinga. Kommunen har ansvar for at standpunktkarakterar blir gitt på forsvarleg grunnlag.

Opplæringa skal ta utgangspunkt i kompetansemåla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet og føre fram til sluttnivået på 10. årstrinnet i grunnskolen.

§ 3–30 Godkjenning av fag/delar av fag

På grunnlag av kompetansekartlegging, jf. § 4A–8 i opplæringslova, kan vaksne få godkjent eit eller fleire fag. Vurderinga av kompetansen skal vere godkjend eller ikkje godkjend.

Vaksne kan på bakgrunn av kompetansekartlegging få godkjent ein eller fleire delar i eit fag. Det er den heilskaplege kompetansen, slik han er forklart i den enkelte delen, som skal liggje til grunn for kartlegginga.

Vaksne kan få opplæring i dei delane av eit fag som ikkje blir godkjende. Det er berre den endelege standpunkt karakteren i faget, ikkje karakterane for dei enkelte delane som skal framgå av kompetansebevis og vitnemål.

Kommunen har ansvar for at godkjenning skjer på forsvarleg grunnlag, og at godkjenninga blir knytt til måloppnåing i kompetansemåla i delen av faget eller i faget.

§ 3–31 Eksamen

Vaksne som følgjer opplæringstilbod som er organiserte for dei, skal trekkjast ut til éin skriftleg sentralt gitt eksamen og éin munnleg lokalt gitt eksamen. Til skriftleg eksamen blir det trekt mellom norsk, engelsk og matematikk. Til munnleg eksamen blir det trekt mellom norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag, og KRL. Vaksne som har hatt samisk som fag, kan trekkjast ut til eksamen i dette faget både skriftleg og munnleg.

Vaksne som har dokumentert gyldig forfall på eksamensdagen, blir fritekne frå eksamen.

Ved sentralt gitt eksamen fastset Utdanningsdirektoratet eksamensoppgåver og dato for kvar eksamen, dato for melding om trekkfag og sensurordningar. Kommunen har ansvaret for trekking av fag og elevar til eksamen, oppmeldinga og den praktiske gjennomføringa av sentralt gitt og lokalt gitt eksamen.

Sensur av sentralt gitt og lokalt gitt eksamen følgjer reglane i § 3–23 og § 3–24.

§ 3–32 Privatistar

Vaksne kan gå opp til eksamen som privatistar. Privatistar må ta eksamen både i skriftlege og i munnlege fag. Skriftlege fag for privatistar omfattar norsk, engelsk og matematikk. Munnlege fag for privatistar omfattar norsk og engelsk og to av faga naturfag, samfunnsfag, KRL.

I tillegg kan privatistar trekkjast ut til munnleg eksamen i matematikk. Vaksne som har hatt samisk som fag, kan trekkjast ut til eksamen i dette faget både skriftleg og munnleg.

Vaksne privatistar som har dokumentert gyldig forfall på eksamen, kan etter søknad frå kommunen til Fylkesmannen gå opp til lokalt gitt eksamen så snart det lèt seg gjere.

I spesielle tilfelle kan Fylkesmannen, etter søknad frå kommunen, gi kommunen høve til å arrangere lokalt gitt eksamen for vaksne privatistar på andre tider i året enn ordinær eksamen. Kommunen har da ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, den praktiske avviklinga av eksamen og sensur.

Kommunen har plikt til å arrangere privatisteksamen for vaksne.

§ 3–33 Vitnemål

Kravet til vitnemål for vaksne er vurdering i faga norsk, engelsk og matematikk og to av faga matematikk munnleg, naturfag, samfunnsfag, KRL.

Vaksne som har teiknspråk eller samisk som førstespråk, kan få karakter i dette faget i staden for eller i tillegg til karakter i norsk. Vaksne som har norsk som andrespråk for språklege minoritetar, får karakter i dette faget i staden for i norsk.

Vaksne som blir heilt fritekne for vurdering med karakter, skal ha vitnemål som viser at dei har fullført grunnskolen.

Kommunen har ansvaret for å utferde vitnemål for vaksne. Utdanningsdirektoratet fastset formularet for vitnemål for vaksne. Direktoratet gir også nærmare reglar for føring av vitnemål.

Kommunen skal ha ein eigen protokoll for føring av vurdering for vaksne. Vaksne som tek eksamen som privatistar, og som ønskjer karakter i enkeltfag, får utskrift av protokollen.

§ 3–34 Andre reglar

Reglane i §§ 1–11, 3–3 til 3–8, 3–10, 3–14, § 3–15, 3–19 til 3–22 og kapittel 5 om klage på vurdering gjeld for vaksne så langt dei høver.

Kapittel 4 Vurdering i vidaregåande opplæring

(opplæringslova § 3–4 første ledd og § 4A–4 femte ledd)

§ 4–1 Rett til vurdering

Elevar, lærlingar og lærekandidatar i offentleg vidaregåande opplæring har rett til vurdering etter reglane i dette kapitlet.

Skoleeigaren har ansvaret for at rettane blir oppfylte.

For vaksne i opplæring som er organisert for dei, gjeld reglane i §§ 4–36 til 4–45.

For vaksne som følgjer ordinær opplæring i den vidaregåande skolen, gjeld dei andre reglane om vurdering i kapittel 4.

§ 4–2 Verkeområde

Reglane i dette kapitlet handlar om

- vurdering, eksamen, fag-/sveineprøve, kompetanseprøve og dokumentasjonsordningar som gjeld vidaregåande opplæring etter opplæringslova
- karaktersystemet i vidaregåande skole og i fagopplæring
- oppmelding til eksamen, fag- og sveineprøve og kompetanseprøve
- fritak frå vurdering i fag
- reaksjonar ved brot på eksamensføresegnene

§ 4–3 Definisjonar

- a) Elev er etter reglane i dette kapitlet ein som er teken inn i den vidaregåande skolen, og som har teke imot plassen og møtt. Ein elev kan vere heiltidselev eller deltidselev, jf. § 6–2.
- b) Lærling er ein som har skrive lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve i fag som har læretid i bedrift, jf. opplæringslova § 4–1.
- c) Lærekandidat er ein som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag-/sveineprøve, jf. opplæringslova § 4–1.
- d) Praksiskandidat er etter reglane i dette kapitlet ein som har meldt seg til fag-/sveineprøve etter opplæringslova § 3–5 utan å vere elev eller lærling.

- e) Privatist er etter reglane i dette kapitlet ein som har meldt seg til eksamen i eitt eller fleire fag utan å vere elev i dette faget eller desse faga. Førstegongsprivatist er etter reglane i dette kapitlet ein som har meldt seg til eksamen i eitt eller fleire fag utan å vere elev dette faget eller desse faga, og som ikkje har karakter i det/dei frå før, verken som elev eller som privatist.
- g) Eksamen er den prøva som blir organisert etter reglane i dette kapitlet, og som blir halden ved avslutninga av fag. Omgrepet omfattar ikkje den praktiske delen av fag-/sveineprøva.
- h) Fag-/sveineprøve er den avsluttande prøva for lærlingar og praksiskandidatar.
- i) Kompetanseprøve er den avsluttande prøva for lære kandidat.

Vurdering

§ 4-4 Undervegsvurdering og sluttvurdering

Elevar skal ha undervegsvurdering og sluttvurdering.

Undervegsvurderinga skal ein gi løpande i opplæringa som rettleiing til eleven. Ho skal hjelpe til å fremje læring, utvikle kompetansen til eleven og gi grunnlag for tilpassa opplæring. Undervegsvurdering kan ein gi både med og utan karakter.

Sluttvurderinga skal gi informasjon om nivået til eleven ved avslutninga av opplæringa i faget.

§ 4-5 Vurdering utan karakter

I vidaregåande opplæring skal ein gi vurdering utan karakter i form av ei beskrivande vurdering av korleis eleven, lærlingen og lære kandidaten står i forhold til kompetansemåla i faga og dei andre måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet med sikte på at dei på beste måte skal kunne nå desse måla. Lære kandidatatar skal ha vurdering og rettleiing i samsvar med den opplæringsplanen som er utarbeidd for dei, jf. § 6-37 tredje ledd og opplæringslova § 5-5 første ledd. Det skal kunne dokumenterast at vurdering er gitt.

Eleven, lærlingen og lære kandidaten skal kunne delta i vurderinga av sitt eige arbeid. Som ein del av rettleiinga og vurderinga utan karakter skal skolen eller lære bedrifta minst ein gong kvart halvår gjennomføre ein samtale med eleven, lærlingen eller lære kandidaten.

§ 4-6 Vurdering med karakter

Elevar skal, i tillegg til vurdering utan karakterar, også ha karakterar i fag, i orden og i åtferd. Kva for fag som skal ha vurdering med karakter, er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal ha terminkarakterar og standpunktkarakterar i alle desse faga. I tillegg får dei eksamenskarakterar i fag der dei blir trekte ut til eksamen. Karakteren skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har oppnådd på det tidspunktet da karakteren blir fastsett.

Vurdering med karakter skal givast med talkarakterar, med unntak av karakterar i orden og i åtferd.

Terminkarakter i fag, i orden og i åtferd skal fastsetjast midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn. Elevane skal også få terminkarakterar etter 2. termin på dei årstrinna der det ikkje er fastsett nasjonale kompetansemål i faget i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Terminkarakterar skal supplerast med grunngiving og rettleiing. Det same gjeld når det blir gitt vurdering med karakter på prøver og anna arbeid undevegs i opplæringa.

Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved slutten av opplæringa på kvart årstrinn i fag der det i Læreplanverket for Kunnskapsløftet er fastsett nasjonale kompetansemål på årstrinnet i faget, og i prosjekt til fordjuping. Standpunktkarakterane skal gi informasjon om den kompetansen eleven har oppnådd i faget. Standpunktkarakterar er enkeltvedtak som det kan klagast på, jf. kapittel 5.

Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet. Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før kunngjeringa om lokalt trekkfag. Endeleg karakter i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at undervisninga og annan skoleaktivitet er avslutta.

Rektor har ansvaret for at faglæraren set standpunktkarakterar eller gjer vedtak om at det ikkje kan givast standpunktkarakterar. Dersom rektor er i tvil om ein har følgd reglane for fastsetjing av termin- og standpunktkarakterar, kan han eller ho krevje ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte i protokollen.

§ 4–7 Grunnlaget for vurdering med karakter i fag

Grunnlaget for vurdering med karakter i faga er kompetansemåla i læreplanene for fag slik dei er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Karakteren skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har oppnådd på tidspunktet for vurderinga, og ut frå det som er forventa på dette tidspunktet. Føresetnadene til den enkelte eleven skal ikkje trekkjast inn. Vurdering i orden og til åtferd skal ikkje inngå i fagvurderinga.

Karakterar til eksamen, fag-/sveineprøve og kompetanseprøve skal gi uttrykk for i kva grad den det gjeld, har nådd dei kompetansemåla i læreplanen i faget eller faga ein blir prøvd i.

Stort fråvær, same kva grunnen er, kan føre til at grunnlaget for å gi vurdering med standpunktkarakter manglar.

§ 4–8 Karakterar i fag for elevar og privatistar

Det skal nyttast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal nyttast.

Bestått svarer til karakterane 2–6. Departementet kan i spesielle tilfelle bestemme ei anna grense for bestått. Fag med karakteren 1 i standpunktvurdering er bestått når eksamenskarakteren er 2 eller betre. Dette gjeld ikkje dersom eksamenskarakteren er for ein tverrfagleg eksamen.

Relatert til dei kompetansemåla i faga som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, har dei enkelte karaktergradane dette innhaldet:

Over middels måloppnåing i faget:

Karakteren 6 og karakteren 5. Karakteren 6 gir uttrykk for svært høg måloppnåing i faget. Eleven eller privatisten viser sjølvstende og utmerker seg spesielt. Karakteren 5 gir uttrykk for høg måloppnåing i faget, men eleven eller privatisten viser noko mindre sjølvstende.

Middels måloppnåing i faget:

Karakteren 4 og karakteren 3. Karakteren 4 gir uttrykk for middels eller noko over middels måloppnåing i faget. Karakteren 3 gir uttrykk for noko under middels måloppnåing i faget.

Under middels måloppnåing i faget:

Karakteren 2 og karakteren 1. Karakteren 2 gir uttrykk for mangelfull og usikker måloppnåing i faget. Karakteren 1 gir uttrykk for svært svak og utilstrekkeleg, eventuelt inga måloppnåing i faget.

I enkelte fag kan det i staden for talkarakterar brukast vurderinga bestått/ikkje bestått. Kva for fag dette gjeld, er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. For å få karakteren bestått skal innhaldet i karakteren 2 leggjast til grunn.

§ 4–9 *Karakterar i orden og i åtferd for elevar*

I orden og i åtferd skal ein av desse karakterane nyttast:

- a) God (G). Vanleg god orden og vanleg god åtferd
- b) Nokså god (Ng). Klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd
- c) Lite god (Lg). I ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd

Ved fastsetjinga av karakter i orden tek ein omsyn til om eleven viser vanleg god arbeidsinnsats, og til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skole.

Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden.

Ved fastsetjinga av karakter i åtferd tek ein omsyn til korleis eleven ter seg på skoleområdet og elles når skolen har ansvaret for tilsynet med elevane. Ein skal særleg leggje vekt på korleis eleven ter seg mot andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn til korleis elevane ter seg mot kvarandre på skolevegen og til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skole.

Den vurderinga skolen gir i orden og i åtferd, skal haldast skild frå vurderinga av dei reint faglege prestasjonane.

Ein skal ta omsyn til eleven sine føresetnader, og til vanleg ikkje leggje avgjerande vekt på enkelthendingar. Hovudgrunnlaget for fastsetjing av standpunktkarakterar i orden og i åtferd skal vere orden og åtferd hos eleven det siste halve skoleåret.

Rektor har ansvaret for at terminkarakterar og standpunktkarakterar i orden og i åtferd for ein elev blir sette etter drøfting i møte der alle lærarane til eleven er til stades.

Kriteria for karakterane i orden og i åtferd skal gjerast kjende for eleven.

§ 4–10 *Varsling*

Dersom det er tvil om ein elev på grunn av stort fråvær eller av andre særlege grunnar kan få terminkarakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, eller dersom det er fare for at eleven kan få standpunktkarakteren Nokså god eller Lite god i orden eller i åtferd, må eleven og foreldra eller dei føresette få skriftleg varsel. Varslet skal givast utan ugrunna opphald, slik at betre innsats kan gjere at termin- eller fagkarakter kan setjast, eller at betre orden eller åtferd kan påverke karakteren.

§ 4–11 *Fritak frå vurdering i norsk sidemål*

Elevar og privatistar i vidaregåande opplæring har rett til fritak frå vurdering i norsk sidemål dersom dei

- a) på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge målformene
- b) ikkje har gjennomgått ungdomstrinnet i norsk grunnskole
- c) har hatt fritak frå opplæring eller vurdering i norsk sidemål i grunnskolen, jf. § 1–11 eller
- d) fylte vilkåra for fritak frå opplæring eller vurdering i norsk sidemål i grunnskolen, men på grunn av dokumentert saksbehandlingsfeil likevel ikkje fekk fritak

Det er ikkje høve til å annullere standpunkt- eller eksamenskarakter i norsk sidemål dersom eleven eller privatisten har fått vurdering i dette faget.

Elevar som etter § 1–11 er unnatekne frå kravet om opplæring i norsk sidemål, er også unnatekne frå kravet om vurdering.

For elevar som får fritak frå vurdering, men ikkje opplæring i norsk sidemål, skal det stå «Delteke» i staden for talkarakter i norsk sidemål skriftleg på kompetansebeviset eller vitnemålet. For privatistar fører ein "Friteken" i norsk sidemål skriftleg.

§ 4–12 *Fritak frå vurdering i kroppsøving*

Elevar som ikkje kan følgje den ordinære opplæringa i den praktiske delen av kompetansemåla i kroppsøvingfaget, skal få tilrettelagd opplæring så langt dette er mogleg for eleven. Elevar skal få fritak frå vurdering av den praktiske delen av faget når den tilrettelagde opplæringa ikkje kan vurderast med karakter. Det blir ikkje gitt fritak frå vurdering av den teoretiske delen av kompetansemåla.

Elevar med fritak frå vurdering i dei praktiske delane av kompetansemåla av kroppsøvingfaget kan få vitnemål. Sjå også § 1–12.

§ 4–13 *Særlege reglar om vurdering for fag på høgaste nivå*

I Læreplanverket for Kunnskapsløftet er det for enkelte fag fastsett at privatistar berre treng å ta eksamen på høgaste (høgare) nivå og likevel få godskrive faget på lågare nivå. For både elevar og privatistar gjeld at slike fag er bestått når det høgaste (høgare) nivået er bestått.

I fag der det i Læreplanverket for Kunnskapsløftet er fastsett at privatistar berre treng å ta eksamen på høgaste (høgare) nivå, kan privatistar velje om (eventuelle) karakterar frå lågare nivå skal førast på vitnemål eller kompetansebevis.

§ 4–14 *Vurdering av privatistar*

Privatistar må gå opp til eksamen i dei faga dei ønskjer å dokumentere kompetanse i. Forma på eksamen for privatistar er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Eksamen

§ 4–15 *Generelle føresegner*

Eksamen skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet

Læreplanen i det enkelte faget fastset om og eventuelt når i opplæringsløpet det skal vere eksamen i faget, om eksamen er obligatorisk eller skal trekkjast for elevar, om eksamensforma er skriftleg, munnleg eller praktisk eller kombinasjonar av desse formene, og om eksamen skal vere lokal eller sentral. Departementet fastset kor mange eksamenar det skal vere på kvart årstrinn innanfor kvart utdanningsprogram eller programområde.

Når det gjeld trekking av fag til eksamen, skal eleven normalt få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med.

Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist både breidd og djupn i kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal gi uttrykk for den individuelle kompetansen til kvar elev slik denne kjem fram på eksamen.

Fylkeskommunen har plikt til å informere elevar og privatistar om kva for reglar som gjeld for å ta ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen.

§ 4–16 *Oppmelding av elevar til eksamen*

Ein elev som fullfører eit fag som kan avsluttast med eksamen, kan trekkjast ut til eksamen i faget.

Skolen melder elevane opp til eksamen. Utdanningsdirektoratet fastset korleis oppmeldinga skal gå føre seg.

Eleven må sjølv melde seg til ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen. Oppmeldinga skjer til skolen.

Utdanningsdirektoratet fastset oppmeldingsfristar.

§ 4–17 *Oppmelding av privatistar til eksamen*

Privatistar har sjølve ansvaret for å melde seg opp til den skolen eller den instansen som fylkeskommunen fastset. Utdanningsdirektoratet fastset fristen for oppmeldinga.

Ein privatist kan ikkje melde seg til eksamen i same fag fleire stader ved same eksamen.

Den som er elev i eit fag ved fristen for oppmelding til privatisteksamen, kan ikkje melde seg opp som privatist i faget til denne eksamenen.

Skolen eller den instansen som fylkeskommunen peikar ut, avgjer om oppmeldinga kan godkjennast.

§ 4–18 *Sentralt gitt eksamen*

Ved sentralt gitt eksamen fastset Utdanningsdirektoratet korleis eksamen i det enkelte faget skal organiserast, eksamensoppgåva og dato for den enkelte eksamenen, dato for melding om trekkfag og sensurordningar. Fylkeskommunen har ansvaret for trekking av fag og elevar til eksamen og den praktiske gjennomføringa av eksamen for elevar og privatistar.

§ 4–19 *Lokalt gitt eksamen*

Fylkeskommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokale eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Eksamen kan organiserast i to delar, der første delen er ei førebuing og andre delen er sjølve eksamen. Førebuingdelen kan vere på inntil 2 dagar og skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget. Fylkeskommunen kan likevel bestemme at eksamen skal organiserast slik at den første delen blir vurdert og inngår i karakteren til eksamen. Dersom det er tvil om karakteren, skal ein leggje mest vekt på den andre delen.

Rammene for eksamen eksamensdagen skal vere

- a) skriftleg eksamen – inntil 5 timar
- b) munnleg eksamen – inntil 30 minutt pr. elev eller privatist
- c) munnleg-praktisk eksamen – inntil 45 minutt pr. elev eller privatist
- d) praktisk eksamen – inntil 5 timar

§ 4–20 *Særskild eksamen*

Ein elev som får karakteren 1 i standpunktkarakter i eit fag, har rett til særskild eksamen i faget dersom han eller ho ikkje er trekt ut til eksamen i faget, eller det gjeld eit fag der det ikkje blir halde eksamen ordinært.

Særskild eksamen blir normalt halden samtidig med utsett og ny eksamen.

§ 4–21 *Ny eksamen*

Ein elev som får karakteren 1 ved ordinær eksamen, har rett til ny eksamen i faget ved første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld da standpunktvurderinga i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og standpunktvurderinga i faget fell bort.

§ 4–22 *Utsett eksamen*

Ein elev eller privatist som har dokumentert gyldig forfall ved ordinær eksamen, og ein elev som har gyldig forfall ved særskild eksamen eller ny eksamen, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld da standpunktvurderinga i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og eventuell standpunktvurdering i faget fell bort.

Forfall til eksamen blir rekna som gyldig når eleven eller privatisten er hindra frå å stille til eksamen, når hindringa er uføreseieleg og han eller ho elles ikkje kan lastast for hindringa. Dersom ein elev har rett til utsett eksamen i trekkfag, skal trekkinga av fag gjerast på ny.

§ 4–23 *Hjelpemiddel til eksamen*

Eksamen kan organiserast med eller utan hjelpemiddel. Departementet fastset kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart fag ved sentralt gitt eksamen. Ved lokalt gitt eksamen bestemmer skoleeigaren kva for hjelpemiddel som skal tillatast. Tillatne hjelpemiddel må vere formålstenlege og relevante for eksamen og ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere elevens eller privatistens eigen kompetanse.

§ 4–24 *Særskild tilrettelegging av eksamen og prøver gjennom året*

Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i

Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Tiltaka må vere tilpassa behova til den enkelte og vere eigna til å utlikne problema til eleven eller privatisten så langt råd er. Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen og prøver gjennom året. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven eller privatisten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i Læreplanverket i Kunnskapsløftet. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske dugleikar, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse dugleikane ikkje blir prøvde når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.

Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen og prøver gjennom året krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

Privatistar må leggje fram ein sakkunnig uttale som ikkje er eldre enn 12 månader. Fylkeskommunen avgjer kva for ordningar som skal nyttast.

Utdanningsdirektoratet kan gi nærmare retningslinjer for særskild tilrettelegging.

§ 4–25 *Reaksjonsmåtar ved fusk*

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven eller privatisten har fuska eller prøvd å fuske ved eksamen. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor. Vedtak om annullering av eksamen kan klagast på til Fylkesmannen. Eleven eller privatisten har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen.

Skolen skal informere eleven og foreldra eller dei føresette om klageretten.

Dersom eksamen blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten tidlegast gå opp til den eksamen i faget som blir arrangert eitt år etter at eksamen vart annullert.

§ 4–26 *Bortvising frå eksamen*

Ein elev som ikkje rettar seg etter dei reglane som Utdanningsdirektoratet/Fylkeskommunen har fastsett for eksamen, kan visast bort av rektor. Vedtak om bortvising kan klagast på til Fylkesmannen. Skolen skal informere eleven og foreldra eller dei føresette om klageretten.

§ 4–27 *Annullering av eksamen*

Dersom det er gjort formelle feil ved avviklinga av eksamen, kan Utdanningsdirektoratet annullere eksamen og etter søknad gi elevane dispensasjon frå kravet om eksamen.

Dersom ein elev har vore oppe til eksamen i eit fag der han eller ho ikkje får standpunktvurdering, blir eksamenskarakteren annullert. Eksamenskarakteren kan også bli annullert på grunn av fusk, jf. § 4–25.

Sensorar

§ 4–28 *Sensorar ved sentralt gitt eksamen*

Sensorar, eksaminatorar og oppmenn blir oppnemnde etter retningslinjer fastsette av Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet kan også gi nærmare retningslinjer for sensurering.

Prøvesvara ved sentralt gitt eksamen skal vurderast av to eksterne sensorar. Dersom det er usemje, skal karakteren avgjerast av ein oppmann.

§ 4–29 *Sensorar ved lokalt gitt eksamen*

Prøvesvara ved lokal eksamen skal vurderast av to sensorar, og den eine kan vere faglæraren til eleven. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren. Som sensor til lokal eksamen i programfag i yrkesfaglege utdanningsprogram kan det også oppnemnast ein fagarbeidar med praksis frå arbeidslivet.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Den eksterne sensoren avgjer i samarbeid med skolen kva eleven skal eksaminert i, og avgjer karakteren dersom det er usemje. Ved lokale eksamenar har faglæraren plikt til å delta i vurderinga som sensor.

Dokumentasjon

§ 4–30 *Rett til dokumentasjon*

Alle som har gjennomgått vidaregåande opplæring etter opplæringslova, har rett til å få opplæringa dokumentert. Det same gjeld privatistar når dei har vore oppe til eksamen eller prøve.

Utdanningsdirektoratet fastset dei formulara som skal nyttast.

Den som oppnår ny(e) karakter(ar) i fag eller tek nye fag, har rett til ny dokumentasjon. Nytt vitnemål skal utferdast av den instansen som utferda det opphavlege vitnemålet.

Dersom dokumentasjonen går tapt, skal det utferdast ny dokumentasjon som skal vere identisk så langt råd er, men dokumentasjonen skal ikkje tilbakedaterast.

§ 4–31 *Vitnemål*

Vitnemål blir gitt som dokumentasjon for bestått treårig opplæringsløp som gir studie- eller yrkeskompetanse. Elevar som har samisk i fagkrinsen, skal ha vitnemål med norsk og samisk tekst.

For å få utferda vitnemål, må som hovudregel alle fag og eksamenar som skal stå på vitnemålet i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet, vere bestått. Sjå likevel §§ 1–11 til 1–13, 4–11, 4–12 og 4–32.

Vitnemål for elevar skal utferdast av den skolen der eleven fullfører og består opplæringa. Skolen er også ansvarleg for å utferde vitnemål til elevar som fullfører opplæringa, men som først seinare består alle fag. Fylkeskommunen er ansvarleg for utferding av vitnemål til lærlingar og privatistar. Utdanningsdirektoratet fastset formularet som skal brukast.

§ 4–32 *Unntak for elevar frå vilkåra for å få vitnemål i yrkesfaglege utdanningsprogram*

Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram som har følgd opplæringa, men ikkje bestått i inntil to av fellesfaga som inngår i fag- og timefordelinga for opplæringa, kan likevel i særskilde tilfelle få utferda vitnemål som gir yrkeskompetanse, men ikkje vitnemål som

gir generell studiekompetanse. Samtykke til slikt unntak kan bli gitt etter søknad når eleven

- a) har vore friteken for vurdering med karakter i faget/faga i grunnskolen
- b) har vore friteken for vurdering med karakter i faget/faga i den vidaregåande skolen, eller
- c) har spesifikke lærevanskar, t.d. store lese- og skrivevanskar eller store matematikkvanskar. Slike vanskar kan også vurderast etter at standpunktkarakter er sett eller eksamen har vore gjennomført.

I dei yrkesfaga der det er knytt offentleg nasjonal eller internasjonal sertifisering til eit utferda vitnemål, kan det ikkje gjerast unntak i strid med slike sertifiseringsføresegner.

Før søknader om unntak kan bli behandla, skal det liggje føre dokumentasjon som viser at vilkåra er oppfylte. Dokumentasjonen må vere av nyare dato. Før søknader om unntak etter tredje strekpunkt kan bli behandla, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for å få utarbeidd slik vurdering.

Rektor avgjer søknad om unntak i samsvar med vilkåra. Eleven kan ikkje få førehandstilsegn om unntak etter denne paragrafen.

§ 4–33 *Kompetansebevis*

Kompetansebevis blir utferda som dokumentasjon for vidaregåande opplæring i dei tilfella vilkåra for å få vitnemål ikkje er oppfylte.

Kompetansebeviset skal vise kva for standpunkt- og eksamenskarakterar som er oppnådde. Kompetansebevis blir også utferda som dokumentasjon for gjennomgådd opplæring.

For elevar skal kompetansebevis utferdast av skolen. Fylkeskommunen er ansvarleg for å utferde kompetansebevis for lærlingar, lære kandidatatar og privatistar.

Utdanningsdirektoratet fastset formularet som skal brukast.

§ 4–34 *Føring av karakterar i fag på vitnemål og kompetansebevis*

I dei fellesfaga som har fleire nivå som byggjer på kvarandre, skal berre karakterar som er oppnådde på høgste nivået i faget, førast på vitnemål og kompetansebevis. I Læreplanverket for Kunnskapsløftet står det kva for fag dette gjeld.

I dei programfaga som har fleire nivå, skal alle karakterar som er oppnådde på kvart nivå, førast på dokumentasjonen.

I fag der ein tek eksamen som privatist, skal berre eksamenskarakteren førast på vitnemålet. Eventuelle tidlegare standpunkt- og eksamenskarakterar i faget fell bort når privatisten vel å få den nye karakteren ført på vitnemålet.

Utdanningsdirektoratet gir nærmare reglar for korleis vitnemål og kompetansebevis skal førast.

§ 4–35 *Fråvær*

Alt fråvær for elevar skal førast på vitnemål og kompetansebevis. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Rektor kan bestemme om fråvær for den som ikkje er elev i alle fag, skal førast i dagar og timar eller berre i timar.

Årsaka til frávær kan krevjast ført på dokumentasjonen. Eleven har sjølv ansvaret for å dokumentere årsaka til fráværet. Organisert eller sjølvstendig studiearbeid, mellom anna skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller rektor, skal ikkje reknast som frávær.

Rektor kan gi elevar fri frå opplæringa i opptil 14 skoledagar i eit skoleår utan at desse dagane skal førast som frávær på dokumentasjonen. Det gjeld til dømes frávær i samband med arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagde oppmøte og frávær av helse- og velferdsgrunnar. Normalt skal elevar søkje om slik fri frå opplæringa på førehand. Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har innanfor totalramma på 14 skoledagar rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider. Når elevar får løyve til å ta fri, bør skolen leggje til rette for at dei kan gjere ein innsats for å kompensere for det.

Særskilde reglar om opplæring organisert for vaksne

§ 4–36 *Standpunktkarakterar*

Vaksne som følgjer vidaregåande opplæring som fylkeskommunen har ansvaret for, har rett til vurdering i dei faga som dei følgjer og avsluttar opplæringa i. Vurderinga blir gitt med talkarakterar, jf. § 4–8. Grunnlaget for vurdering med karakter i faga er kompetansemåla i faga slik dei er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Standpunktkarakteren skal gi uttrykk for kompetansen som den vaksne har oppnådd ved slutten av opplæringa i faget. Dersom den vaksne ønskjer det, kan fylkeskommunen tilby opplæring som blir avslutta med eksamen som privatist.

Fylkeskommunen har ansvaret for at standpunktkarakterar blir sette på forsvarleg grunnlag.

Dersom det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, og årsaka er forhold hos den vaksne, kan den vaksne miste retten til å få standpunktkarakter. Fare for tap av retten til å få standpunktkarakter skal varslast utan ugrunna opphald etter at det er blitt klart at det er fare for dette.

§ 4–37 *Realkompetansevurdering*

Realkompetanse skal vurderast i forhold til kompetansemåla i faga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Vurderinga skal vise om realkompetansen er likeverdig med kompetansen som er oppnådd gjennom vidaregåande opplæring. Vurderinga skal vere godkjend eller ikkje godkjend realkompetanse i fag eller delar av fag. Fylkeskommunen har ansvaret for at vurderinga av realkompetanse blir utført på forsvarleg grunnlag.

§ 4–38 *Fritak frå den praktiske delen av faget kroppsøving*

Vaksne som følgjer opplæringstilbod som er organiserte for dei, har rett til å bli fritekne for opplæring og vurdering i den praktiske delen av faget kroppsøving. Det blir ikkje gitt fritak for vurdering i den teoretiske delen.

§ 4–39 *Eksamen*

For vaksne gjeld same eksamensordninga som for elevar, sjå § 4–15 til § 4–29.

Den vaksne går opp til eksamen i heile faget.

§ 4-40 *Fag-/sveineprøve og kompetanseprøve*

For vaksne gjeld reglane for fag-/sveineprøve og kompetanseprøve i § 4-46 til § 4-66.

§ 4-41 *Rett til dokumentasjon*

Vaksne som har gjennomgått vidaregåande opplæring etter opplæringslova, har rett til å få opplæringa dokumentert, jf. § 4-30 til § 4-34.

§ 4-42 *Vitnemål*

For å få utferda vitnemål må den vaksne ha bestått alle fag og eksamenar, i samsvar med læreplanen, som kjem til uttrykk på vitnemålet. Godkjend realkompetanse er likeverdig med bestått.

Fylkeskommunen utferdar vitnemål sjølv.

§ 4-43 *Fag-/sveinebrev*

For å få utferda fag-/sveinebrev må fag-/sveineprøva vere bestått.

For fag i den teoretiske delen av fag-/sveineprøva er godkjend realkompetanse likeverdig med bestått. Elles gjeld § 4-66.

§ 4-44 *Kompetansebevis*

For vaksne som ikkje fyller vilkåra for å få utferda vitnemål eller fag-/sveinebrev, skal det utferdast kompetansebevis, jf. § 4-33 andre ledd. Godkjend realkompetanse er likeverdig med bestått.

Fylkeskommunen utferdar kompetansebevis.

§ 4-45 *Andre reglar*

Desse reglane gjeld også for opplæring organisert for vaksne så langt dei høver: §§ 1-10 til 1-13, 4-4, 4-7, 4-8, 4-10, 4-11 og kapittel 5 om klage på vurdering.

Særskilde reglar for fagopplæringa

§ 4-46 *Generelle føresegner*

Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for at dei praktiske og teoretiske delane av fag-/sveineprøva blir gjennomførte i samsvar med læreplanar og retningslinjer. Det same gjeld kompetanseprøva for lærekandidatane.

§ 4-47 *Oppmelding til fag-/sveineprøva og kompetanseprøva*

Lærebedrifta eller skolen melder lærlingen eller eleven opp til den praktiske delen av fag-/sveineprøva. Lærebedrifta melder lærekandidaten opp til kompetanseprøva.

Oppmeldinga skal sendast til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda i det fylket der lærekontrakten eller opplæringskontrakten er registrert, eller der skolen ligg. Dokumentasjon om at den pliktige teoriopplæringa som er fastsett for faget, er gjennomført, må følgje oppmeldinga til fag-/sveineprøva.

§ 4–48 *Krav om bestått i fellesfag for å kunne framstille seg til fag-/sveineprøve*

Før den praktiske delen av fag-/sveineprøva kan gjennomførast, skal lærlingen/eleven som hovudregel ha gjennomført eller ha realkompetanse i dei fellesfaga som er fastsette for lærefaget, med godkjent resultat.

Ein lærling eller elev som ikkje har bestått i inntil to av dei fellesfaga som inngår i fag- og timefordelinga for lærefaget, kan likevel få framstille seg til den praktiske delen av fag-/sveineprøva.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda skal gjere bedriftene merksame på høva til unntak når det blir teikna kontrakt.

Lærlingen eller eleven må framstille seg til ny eksamen, og oppnå godkjent resultat, innan to år etter at den praktiske delen av prøva er gjennomført, for at fag-/sveinebrev skal kunne utferdast.

§ 4–49 *Krav om bestått i yrkesteori for å kunne framstille seg til fag-/sveineprøve*

Før den praktiske delen av fag-/sveineprøva kan gjennomførast, skal lærlingen/eleven/praksiskandidaten som hovudregel ha gjennomført den pliktige teoriopplæringa som er fastsett for lærefaget, med godkjent resultat.

I enkelte fag er det føresett i læreplanen for faget at det skal vere læretid i bedrift (verdiskaping) etter at vidaregåande trinn 3 er gjennomført. Dersom det ikkje har vore mogleg for fylkeskommunen å tilby læreplanen i bedrift, skal fag-/sveineprøva arrangerast etter at vidaregåande trinn 3 er avslutta. Elevar som ikkje har bestått den eksamenen som omfattar teorien som inngår i læreplanen for desse lærefaga i vidaregåande trinn 3, skal likevel få framstille seg til den praktiske delen av fag-/sveineprøva.

Eleven må framstille seg til ny yrkesteoretisk eksamen, og oppnå godkjent resultat, innan to år for at fag-/sveinebrev skal kunne utferdast. Dersom dette kravet ikkje blir oppfylt, vil kandidaten bli vist til eventuell ny fag-/sveineprøve (teoretisk del og praktisk del) som privatist, jf. opplæringslova § 3–5.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda gjer vedtak etter føresegnene i denne paragrafen.

§ 4–50 *Særlege føresegner om fag-/sveineprøve for praksiskandidatar, teoretisk og praktisk del*

Praksiskandidatar, jf. opplæringslova § 3–5, melder seg til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda innan fristar som fylkeskommunen fastset.

Praksiskandidatar må sjølv melde seg til ny fag-/sveineprøve og til utsett fag-/sveineprøve. For å melde seg opp til dei teoretiske og praktiske delane av fag-/sveineprøva må praksiskandidaten betale prøveavgift etter nærmare retningslinjer frå departementet. Det gjeld også ved oppmelding til ny og utsett prøve.

Dersom det ikkje kan leggjast fram dokumentasjon for gjennomført pliktig teoriopplæring, må praksiskandidaten framstille seg til teoriprøve i regi av fylkeskommunen. Teoriprøva skal normalt vere gjennomført før den praktiske prøva begynner. Teoriprøva skal avleggjast som privatist til eksamen.

Den som skal framstille seg til fag-/sveineprøve som praksiskandidat, kan normalt tidlegast begynne på den praktiske delen av prøva på tidspunktet når praksiskravet er oppfylt.

Dersom prøvenemnda ber om det, skal praksiskandidaten kome med forslag til kvar den praktiske delen av prøva kan haldast, og korleis prøva kan avviklast i praksis.

Dersom ein praksiskandidat ikkje består den praktiske delen av fag-/sveineprøva, kan han eller ho ta ny prøve tidlegast etter seks månader.

§ 4–51 *Den teoretiske delen av fag-/sveineprøva*

Ved sentralt gitte prøver skal det hentast inn oppgåver frå Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet bestemmer korleis sensuren skal avviklast.

Ved lokale prøver har fylkeskommunen ansvaret for å utarbeide og fastsetje oppgåver og avvikle sensur, etter retningslinjer frå Utdanningsdirektoratet.

§ 4–52 *Tidspunktet for den praktiske delen av fag-/sveineprøva*

Fag-/sveineprøva skal som hovudregel avviklast ved slutten av læretida eller skoletida, og skal normalt vere avslutta seinast innan to månader etter dette tidspunktet.

§ 4–53 *Utarbeiding av oppgåver til den praktiske delen av fag-/sveineprøva*

Prøvenemnda har ansvaret for å utarbeide oppgåver til den praktiske delen av fag-/sveineprøva etter retningslinjer frå Utdanningsdirektoratet. Fagleg råd skal ha høve til å uttale seg om retningslinjene.

Lærebedrifta/skolen skal kome med forslag til oppgåver dersom prøvenemnda ber om det. Så langt det er mogleg, skal det arrangerast felles prøve for fleire kandidatar innanfor same fagområdet.

§ 4–54 *Oppbevaring av prøvearbeid for den praktiske delen av fag-/sveineprøva*

Er den praktiske prøva ikkje bestått, skal prøvenemnda i samråd med fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda sørge for oppbevaring av prøvearbeidet. Det skal så langt råd er oppbevarast slik prøve kandidaten leverte det frå seg. Dersom prøvearbeidet ikkje kan oppbevarast, skal det sikrast med fotografi eller ei nøyaktig beskriving med tanke på eventuell seinare vurdering i klagenemnda.

§ 4–55 *Kompetanseprøve*

Lærekandidatar skal ta kompetanseprøve. Lærekandidaten skal prøvast i forhold til dei måla som er fastsette for kandidaten, jf. § 6–37 eller opplæringslova § 5–5 første ledd. Fylkeskommunen har ansvaret for å utarbeiding, gjennomføring og vurdering av kompetanseprøver.

§ 4–56 *Ny fag-/sveineprøve og kompetanseprøve*

Dersom fag-/sveineprøva eller kompetanseprøva ikkje blir bestått, kan lærlingen eller lærekandidaten ta ny prøve. Læretida kan eventuelt bli forlengd ved frivillig avtale

mellom lærebedrifta og lærlingen eller lærekandidaten. Lærebedrifta og fylkeskommunen til eleven har ansvar for gjennomføringa av ny fag-/sveineprøve. Ykesopplæringsnemnda kan i særskilde tilfelle oppheve plikta etter denne føresegna. Fylkeskommunen dekkjer utgiftene som lærebedrifta har med å gjennomføre prøva.

§ 4–57 *Utsett fag-/sveineprøve og kompetanseprøve*

Ein lærling, elev, praksiskandidat eller lærekandidat som har gyldig forfall ved fag-/sveineprøve eller kompetanseprøve, har rett til å framstille seg til utsett prøve. Utsett prøve skal haldast så snart det er praktisk mogleg.

Forfall til prøva blir rekna som gyldig når den det gjeld, er hindra frå å stille til prøva, når hindringa er uføreseieleg og lærlingen/eleven/praksiskandidaten/lærekandidaten elles ikkje kan lastast for hindringa.

§ 4–58 *Særleg tilrettelegging av fag-/sveineprøva og kompetanseprøva*

Når ein lærling, elev, praksiskandidat eller lærekandidat har særleg behov for det, kan fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda samtykkje i at den praktiske gjennomføringa av fag-/sveineprøva eller kompetanseprøva blir særskilt tilrettelagd.

§ 4–59 *Reaksjonsmåtar ved fusk*

Fag-/sveineprøve og kompetanseprøve kan annullerast dersom kandidaten har fuska eller forsøkt å fuske ved prøva.

Spørsmålet om annullering av fag-/sveineprøve og kompetanseprøve skal avgjerast av prøvenemnda. Annulering inneber her at prøva skal vurderast til ikkje bestått.

§ 4–60 *Bortvising frå fag-/sveineprøve og kompetanseprøve*

Den som er oppe til fag-/sveineprøve og kompetanseprøve, og som gjer gjennomføringa av prøva vanskeleg ved åtfærd som forstyrrar andre kandidatar, kan etter å ha vorte åtvara visast bort. Leiaren av prøvenemnda avgjer spørsmålet om bortvising.

§ 4–61 *Prøvenemnd for den praktiske delen av fag-/sveineprøva*

Prøvenemnda, som blir oppnemnd og administrert av fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda, skal ha minst to medlemmer som har formell fagleg kompetanse innanfor fagområdet, og så langt det er mogleg, arbeidslivserfaring i faget.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda skal hente inn forslag til medlemmer i prøvenemnda frå partane i arbeidslivet. Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda kan også hente inn forslag frå andre. Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda skal vurdere forslaga.

Prøvenemnda sensurerer den praktiske delen av fag-/sveineprøva.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda fastset ved oppnemninga kven av medlemmene som skal avgjere karakteren dersom det er usemje, når stemmetalet er likt. Medlemmene må normalt vere eksterne i forhold til lærebedrifta/skolen der kandidaten har fått opplæring.

§ 4–62 *Særskilde føresegner om sensorar for praksiskandidatar*

For praksiskandidatar gjeld § 4–61.

§ 4–63 *Karakterar ved fag-/sveineprøva og kompetanseprøva*

Ved den praktiske delen av fag-/sveineprøva blir det brukt ein tredelt skala: « Bestått mykje godt »/« Bestått meget godt » – « Bestått » – « Ikkje bestått »/« Ikke bestått ». Relatert til måla i dei fagspesifikke læreplanane har desse karakterane dette innhaldet:

- a) Bestått mykje godt / Bestått meget godt: Mykje tilfredsstillande måloppnåing i faget.
- b) Bestått: Tilfredsstillande og middels måloppnåing i faget.
- c) Ikkje bestått / Ikke bestått: Mykje svak eller inga måloppnåing i faget.

Ved den teoretiske delen av fag-/sveineprøva nyttar ein talkarakterar, jf. § 4–8.

§ 4–64 *Fag-/sveinebrev*

Fag-/sveinebrev blir utferda som dokumentasjon for bestått fag-/sveineprøve, teoretisk og praktisk del.

Fylkeskommunen er ansvarleg for utferding av fag-/sveinebrev.

§ 4–65 *Vitnemål og kompetansebevis*

Vitnemål blir gitt som dokumentasjon for bestått opplæringsløp som gir rett til fag-/sveinebrev, jf. § 4–31. Vitnemålet kjem i tillegg til fag-/sveinebrev.

Kompetansebevis blir utferda som dokumentasjon for vidaregåande opplæring når vilkåra for å få fag-/sveinebrev eller vitnemål ikkje er oppfylte.

Kompetansebeviset skal vise kva opplæring som er gjennomført. Fylkeskommunen er ansvarleg for utferding av vitnemål for dei som har bestått opplæringsløp som gir rett til fag-/sveinebrev, og for utferding av kompetansebevis for praksiskandidatar, lærekandidatar og lærlingar.

§ 4–66 *Krav om fellesfag før fag-/sveinebrev kan utferdast*

Før fag-/sveinebrev kan utferdast, må som hovudregel både den teoretiske og den praktiske delen av fag-/sveineprøva vere bestått. Praksiskandidatar er fritakne frå kravet om fellesfag for å få fag-/sveinebrev.

Lærlingar/elevar som har følgd opplæringa, men ikkje bestått i inntil to av fellesfaga som inngår i fag- og timefordelinga for lærefaget, kan likevel i særskilde tilfelle få fag-/sveinebrev. Samtykke til slikt unntak kan bli gitt når

- a) lærlingen eller eleven har vore fritaken for vurdering med karakter i faget eller faga i grunnskolen
- b) lærlingen eller eleven har vore fritaken for vurdering med karakter i faget eller faga i den vidaregåande skolen, eller
- c) lærlingen eller eleven har spesifikke lærevanskar, t.d. store lese- og skrivevanskar eller store matematikkvanskar

Slike vanskar kan også vurderast etter at standpunkt karakteren er sett eller eksamen er gjennomført.

I dei lærefaga der det er knytt offentleg nasjonal eller internasjonal sertifisering til eit utferda fag-/sveinebrev, kan ein ikkje gi dispensasjon i strid med slike sertifiseringsføresegner.

Før søknader om unntak kan behandlast, skal det liggje føre dokumentasjon som viser at vilkåra er oppfylte. Dokumentasjonen må vere av nyare dato. Før søknader om unntak etter tredje strekpunkt i andre ledd kan bli behandla, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at ei slik vurdering blir utarbeidd.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda avgjer søknader om unntak i samsvar med vilkåra i andre ledd. Vedtak kan tidlegast gjerast i samband med overgangen til læreforhold. Det kan ikkje bli gitt førehandstilsegn om unntak etter denne paragrafen.

Kapittel 5 Klage på vurdering

(Opplæringslova § 2–3 tredje ledd, § 3–4 første ledd, § 4A–4 femte ledd)

§ 5–1 Kva det kan klagast på

Det kan klagast på standpunktkarakterar, eksamenskarakterar, karakterar til fag-/sveineprøver og kompetanseprøve, og realkompetansevurdering. Det kan også klagast på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter. I grunnskolen kan det dessutan klagast på terminkarakter som er ført på vitnemålet, jf. § 3–27.

§ 5–2 Kven som kan klage

Elevar, lærlingar, lære kandidat, privatistar og praksiskandidatar eller dei som desse gir skriftleg fullmakt, har klagerett. Foreldra eller dei føresette til umyndige elevar, lærlingar, lære kandidat, privatistar og praksiskandidatar har sjølvstendig klagerett. Dersom eleven, lærlingen, lære kandidaten, privatisten eller praksiskandidaten er under 15 år, kan dei ikkje klage utan skriftleg samtykke frå foreldra eller dei føresette. Sjå også § 5–15 om klage på realkompetansevurdering.

§ 5–3 Avgjerd i klagesaka

Behandling av klage på karakter eller realkompetansevurdering kan føre til at karakteren eller realkompetansevurderinga blir ståande, eller til at denne blir endra til gunst eller ugunst for klagaren. Avgjerda skal grunnrivast. Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på.

Fører klagebehandlinga til endring av vitnemålet eller kompetansebeviset, skal det skrivast eit nytt, og tidlegare vitnemål/kompetansebevis skal leverast tilbake.

Behandling av klage på fag-/sveineprøve kan føre til at karakteren blir endra frå ikkje bestått til bestått.

§ 5–4 Saksgangen ved klage

Dei som har klagerett etter § 5–2, skal få opplysningar om høvet til å klage, klagefristen og om kva klagen skal innehalde, i medhald av denne forskrifta og lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) §§ 29, 30, 31 og

32. Dei som har klagerett, skal også få informasjon om at dei har rett til å få retningslinjene som sensorane har fått, og grunngiving etter § 5–7.

Klagen skal sendast til den skolen der klagaren er elev. Privatistar sender klagen til den skolen der eksamen er halden. Klage som gjeld fag-/sveineprøve, skal sendast til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda der prøva er halden.

Når det gjeld klagar i samband med sentralt gitt eksamen med sentral sensur i grunnskolen og vidaregåande opplæring, skal skolen sende klagen saman med prøvesvaret til Fylkesmannen, jf. § 5–9. Ved klage i fag der det blir vurdert fleire svar, skal alle elevsvara leggjast ved.

Klage på realkompetansevurdering skal sendast til den instansen som har vurdert realkompetansen, sjå elles § 5–15.

§ 5–5 Klagefristar

Fristen for å klage på vedtak som gjeld eksamenskarakterar og standpunktkarakterar, er 10 dagar.

Fristen for å klage på vedtak om vurdering av den praktiske delen av fag-/sveineprøva og realkompetansevurdering er 3 veker.

Fristen skal reknast frå tidspunktet når meldinga om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett, burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngiving for vedtaket. Ny frist gjeld frå det tidspunkt klagaren har fått grunngivinga.

§ 5–6 Formkrav

Klagen må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt av ein med fullmakt. Klagen skal nemne det vedtaket som det blir klaga på, og dersom det er nødvendig, gi opplysningar som gjer det mogleg å avgjere spørsmål om klagerett og om klagefristen er halden. Klagen bør innehalde årsaka til klagen, bortsett frå klagar etter § 5–9.

§ 5–7 Rett til grunngiving

Den som har klagerett, jf. § 5–2, kan innanfor klagefristen krevje grunngiving for karakterar i fag der det blir halde munnleg eksamen, fastsett standpunktkarakterar, karakter for praktisk eksamen eller standpunktkarakter i orden og i åtferd. Grunngivinga skal givast av sensor eller ein lærar som har vore med og fastsett karakteren.

Dersom ein elev ikkje får standpunktkarakter eller får ikkje bestått som standpunktkarakter, kan det krevjast grunngiving for det.

Den som har klagerett, kan ikkje krevje grunngiving for karakterar til skriftleg eksamen.

§ 5–8 Rett til å gjere seg kjend med sitt eige svar og eventuelle retningslinjer for sensorar ved skriftleg eksamen

Eleven, privatisten og lærlingen har etter at karakteren ved skriftleg eksamen er fastsett, rett til å gjere seg kjend med sitt eige svar. På oppmoding skal han eller ho få kopi av svaret. Eleven, privatisten og lærlingen kan også krevje å få lagt fram eventuelle retningslinjer som sensorane har fått til hjelp ved sensureringa.

§ 5–9 Klage på karakter til skriftleg eksamen. Klageinstans og klagebehandling. Oppbevaring av eksamenssvar ved skriftleg eksamen

Klageinstansen for vurdering av skriftleg eksamen i grunnskolen er ei klagenemnd på 3 medlemmer. Fylkesmannen i kvart fylke nemner opp klagenemnda.

Klageinstansen for vurdering av skriftleg sentralt gitt eksamen med sentral sensur i vidaregåande opplæring er ei klagenemnd oppnemnd av Fylkesmannen. Klageinstansen for vurdering av skriftleg lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring er ei klagenemnd oppnemnd av fylkeskommunen etter retningslinjer frå Fylkesmannen.

Medlemmene av ei klagenemnd må ikkje ha vore med i førstegangsbedøminga og bør så langt det lèt seg gjere, ikkje vere frå same skolen som klagaren. Når det er felles sensur for fleire grunnskolar, skal medlemmene så langt råd er ikkje vere frå same skolen som klagaren.

Klagenemnda skal gjerast kjend med den karakteren prøvesvaret fekk ved den ordinære sensuren. Nemnda skal elles ikkje få andre opplysningar enn svaret og dei opplysningane som kan leggjast ved svaret ved eksamen. Nemnda skal ikkje gjerast kjend med eventuell grunngiving for klagen.

Når det gjeld klage på karakter til skriftleg eksamen, prøver nemnda alle sider ved karakterfastsetjinga. Finn nemnda at karakteren er urimeleg i forhold til eksamensprestasjonen, set ein ny karakter.

§ 5–10 Klage på karakter ved munnleg eksamen. Klageinstans og klagebehandling

Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. Ved klage på munnleg eksamen hentar rektor inn fråsegn frå sensor og eksaminator og sender desse fråsegnene og klagen saman med si eiga fråsegn til Fylkesmannen når det gjeld klagar i grunnskolen, og til fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde som klageinstans, når det gjeld klagar i vidaregåande opplæring. Kopi av fråsegnene skal sendast til klagaren.

Dersom klagaren får medhald i klagen ved munnleg eksamen, skal karakteren annullerast, og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen. Dersom klagaren vel å gå opp til ny munnleg eksamen, skal prøvesvaret bedømmast av ein ny sensor.

Gjeld klagen prøve i trekkfag, skal det trekkjast fag på ny. Eleven skal få melding om faget med same frist som ved ordinær prøve.

§ 5–11 Klage på eksamensresultat ved andre, ikkje-skriftlege eksamenar i vidaregåande opplæring

Ved andre ikkje-skriftlege eksamenar enn munnleg eksamen, der det ikkje ligg føre dokumentasjon som kan vurderast av ei klagenemnd, kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. I slike tilfelle skal ein følgje same prosedyren som for munnleg eksamen, jf. § 5–10.

Dersom ein slik eksamen resulterer i dokumentasjon som kan vurderast fagleg av ei klagenemnd, skal ein følgje same prosedyren som for skriftleg eksamen, jf. § 5–9.

§ 5–12 Klage på standpunkt karakter. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage på standpunkt karakter eller vedtak om ikkje å fastsetje standpunkt karakter kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde. Med klagen skal det følgje fråsegn frå faglæraren om korleis karakteren er fastsett, eller kvifor det ikkje er sett karakter, og fråsegn frå rektor om saksbehandlinga ved skolen. Klagaren skal få kopi av fråsegna.

Klageinstansen i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstansen i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Dersom klagen blir funnen rettkomen, må klageinstansen presisere kva for reglar ein meiner er brotne eller det kan reisast tvil om er brotne, og sende saka tilbake til skolen. Klageinstansen skal informere klagaren om resultatet av klagebehandlinga. Rektor og faglæraren gjennomfører ny vurdering. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda kan det ikkje klagast på.

Finn klageinstansen at klagaren ikkje kan få medhald, er avgjerda endeleg.

§ 5–13 Klage på karakter i orden og i åtferd. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage på karakter i orden og i åtferd skal kontaktlæraren til eleven og rektor gi fråsegn som saman med klagen skal sendast til klageinstansen. Fråsegna skal gjere greie for kva for karakterar i orden og i åtferd som har vore gitt tidlegare, kva for tiltak skolen har sett i verk for å rette på forholda, og ei fyldig grunngiving for karakteren. Kopiar av ordensreglementet for skolen, utskrift av protokollen som viser korleis skolen har behandla saka m.m., skal leggjast ved fråsegna. Ved klage i grunnskolen skal det også gjerast greie for om heimen har vore varsla om at karakteren kunne bli sett ned, og eventuell annan korrespondanse med foreldra eller dei føresette. Klagaren skal ha kopi av fråsegna.

Klageinstansen i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstansen i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Klageinstansen avgjer om klagen skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for klagaren.

§ 5–14 Klage på bedøminga av den praktiske delen av fag-/sveineprøva i vidaregåande opplæring

Klage på den faglege vurderinga av prøvearbeidet til ikkje bestått skal sendast til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda i det fylket der prøva er gjennomført, jf. § 5–4 andre ledd siste punktum. Yrkesopplæringsnemnda sender klagen til prøvenemnda.

Klageinstansen for klage på bedøming av fag-/sveineprøve er klagenemnda som er oppnemnd i samsvar med opplæringslova § 12–6.

Medlemmene i klagenemnda må ikkje ha vore med i førstegongsbedøminga og bør ikkje vere frå ei lærebedrift der klagaren er lærling.

Klagenemnda kan gjere om resultatet frå ikkje bestått til bestått, avvise klagen eller oppheve avgjerda i prøvenemnda og vise til ny prøve.

Klage som er grunngitt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold, skal behandlast av fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda som førsteinstans, og med fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde, som klageinstans.

Dersom det er gjort formelle feil som kan ha hatt avgjerande verknad for prøveresultatet, skal avgjerda i prøvenemnda opphevast. Prøva skal da reknast for ikkje gjennomført, og klagaren har høve til å gjennomføre ny prøve så snart som mogleg.

§ 5–15 Klage på realkompetansevurdering

Ved klage på realkompetansevurdering, jf. §§ 4–37 og 6–27, gjeld klagereglane i forvaltningslova bortsett frå det som følger om klageinstansen sin kompetanse i § 5–3 første ledd.

Kapittel 6 Inntak til vidaregåande opplæring og formidling av lærlingar og læreandidatar til lærebedrifter

(Opplæringslova § 3–1 åttande ledd, § 3–3 sjette ledd, § 4A–3 første ledd, § 12–4 andre ledd og åttande ledd)

Verkeområde: Definisjonar

§ 6–1 Verkeområde

Dette kapitlet gjeld inntak til all offentleg vidaregåande opplæring og formidling til lærebedrift. Kapitlet gjeld, så langt det høver, for inntak til statlege vidaregåande skolar, jf. § 6–41.

§ 6–2 Definisjonar

Søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring er

- a) ungdom som har rett etter opplæringslova § 3–1
- b) vaksne som har rett etter opplæringslova § 4A–3

Heiltidselev er ein som er teken inn i den vidaregåande skolen til eit fullstendig utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller eit fullstendig programområde på vidaregåande trinn 2 eller 3, og som har teke imot plassen og møtt fram.

Deltidselev er ein som er teken inn i den vidaregåande skolen til eitt eller fleire fag i eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller eit programområde på vidaregåande trinn 2 eller 3, og som har teke imot plassen og møtt fram.

Lærling og læreandidat er definerte i opplæringslova § 4–1.

Utvekslingselev er norsk ungdom som tek vidaregåande opplæring i utlandet eller utdanning i utlandet på nivå med norsk vidaregåande skole, og utanlandsk ungdom som tek vidaregåande opplæring i Noreg, som ledd i elevutveksling.

Landslinjer er dei utdanningsprogramma på vidaregåande trinn 1 eller programområde på vidaregåande trinn 2 eller 3 som til kvar tid er godkjende av departementet som landslinjer.

Forskjellige føresegner

§ 6–3 Informasjon

Fylkeskommunen må sørge for nødvendig informasjon om dei reglane som skal nyttast ved inntak til dei vidaregåande skolane og ved formidling av lærlingar og lære kandidatatar til bedrifter.

§ 6–4 *Kjønnskvotering*

Fylkeskommunen kan bestemme at det skal nyttast moderat kjønnskvotering ved inntak til eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller eit programområde på vidaregåande trinn 2 eller 3 og ved fordeling av lærlingar og lære kandidatatar når det eine kjønnet er underrepresentert i det yrket eller den profesjonen opplæringa skal føre fram til. Med moderat kjønnskvotering er meint at kvoteringa skal skje på tilnærma like vilkår.

§ 6–5 *Plassar for utvekslingsselevar*

Fylkeskommunen skal reservere tilstrekkeleg mange plassar for utvekslingsselevar frå andre land.

Fylkeskommunen skal også reservere plassar for norske elevar som tek imot plass som utvekslingsselev i eit anna land med avvikande skoleår.

§ 6–6 *Klage på vedtak om inntak*

Vedtak om inntak til vidaregåande opplæring er enkeltvedtak og kan klagast på i samsvar med føresegnene i opplæringslova § 15–2 og forvaltningslova kapittel VI.

Søknad og søknadsfrist for elevar, lærlingar og lære kandidatatar

§ 6–7 *Søknadsfrist og kunngjering*

Søknadsfristen for inntak på grunn av behov for særskild tilrettelegging er 1. februar. Det gjeld mellom anna

- a) søknader om inntak til særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 etter opplæringslova § 3–1 sjettede ledd
- b) søknader om opplæring utover tre år etter opplæringslova § 3–1 femte ledd
- c) søknader om spesialundervisning etter opplæringslova § 5–1 i samband med inntaket

Fristen elles for søknader om inntak som elev til vidaregåande opplæring i skole og formidling til lære plass er 1. mars.

Når ein frist går ut på ein laurdag, søndag eller heilagdag, må søknaden vere postlagd eller innlevert nærmaste etterfølgjande yrkedag.

For seint innkomne søknader skal det takast omsyn til så langt råd er, eventuelt behandle dei som ein søknad om inntak det etterfølgjande skoleåret. Søkjaren skal få melding om at søknaden er for seint innkomen, og om konsekvensane av det.

Søknadsfristen skal kunngjerast minst fire veker på førehand. Kunngjeringa skal nemne dei opplysningane og dokumenta som skal følgje søknaden, og kvar søknaden skal sendast.

Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor.

§ 6–8 *Søknaden*

Fylkeskommunen fastset søknadsskjema som søkjarar må nytte.

Søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1 må føre opp tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 i prioritert rekkjefølgje. Det gjeld også søkjarar som melder behov for spesialundervisning.

For andre søkjarar bestemmer fylkeskommunen kor mange alternativ i prioritert rekkjefølgje som skal førast opp i søknaden.

For søkjarar under 15 år skriv foreldra eller dei føresette under søknaden. Ein søkjar som har fylt 15 år, skriv under søknaden sjølv.

Vilkår for inntak

§ 6–9 *Generelle vilkår for inntak til vidaregåande opplæring*

Det er eit vilkår for inntak til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Søkjarar som oppheld seg i landet i påvente av vedtak om opphaldsløyve, har ikkje rett til inntak til vidaregåande opplæring.

Mindreårige asylsøkjarar kan likevel takast inn til vidaregåande opplæring i påvente av vedtak om opphaldsløyve, men har ikkje rett til å fullføre skoleåret dersom dei får avslag på søknaden om opphaldsløyve.

§ 6–10 *Vilkår for inntak til vidaregåande trinn 1*

Vilkår for inntak til utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 er vitnemål eller stadfesting på at søkjaren fyller eitt av desse vilkåra:

- a) har gjennomgått norsk grunnskole
- b) har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet i minst 9 år eller har kunnskap og dugleik på nivå med norsk grunnskole
- c) er skriven ut av grunnskolen etter opplæringslova § 2–1 fjerde ledd
- d) har tilsvarende realkompetanse, jf. § 6–27.

§ 6–11 *Vilkår for inntak til landslinjer og spesielle utdanningsprogram*

Ved inntak til godkjende landslinjer stiller søkjarar frå heile landet likt i konkurransen om plassar.

For inntak til utdanningsprogram for musikk, dans, drama og idrettsfag i vidaregåande trinn 1 kan fylkeskommunen vedta at inntil 50 prosent av plassane skal tildelast på grunnlag av dokumentasjon av dugleik eller eventuell inntaksprøve i tillegg til poeng utrekna på grunnlag av karakterar.

Søkjarane må elles fylle dei andre vilkåra for inntak.

§ 6–12 *Inntak som deltidselev*

Ein søkjar som ikkje fyller vilkåra i §§ 6–22 eller 6–23 til å bli teken inn som heiltidselev, eller som ikkje har behov for heiltidsopplæring i eit programområde, kan takast inn som deltidselev dersom han eller ho

- a) manglar bestått karakter i eitt eller fleire fag frå eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller eit programområde på vidaregåande trinn 2 eller 3, eller
- b) manglar fag for å ha full fagkrins i eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller eit programområde på vidaregåande trinn 2 eller 3, eller

c) manglar fag for å oppnå generell studiekompetanse

Søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1 bruker ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit programområde.

Vidaregåande trinn 1: Inntaksrekkefølge for søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1

§ 6–13 Søkjarar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1

Søkjarar med rett til vidaregåande opplæring har rett til inntak til eitt av tre valde utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1.

Søkjarar som har rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5–1, har rett til inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 når vilkåra i § 6–20 er oppfylte.

Dersom det til eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 melder seg fleire søkjarar enn talet på elevplassar som fylkeskommunen tilbyr denne gruppa, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av §§ 6–14 til 6–17, og slik at søkjarar med høgare poengsum blir tekne inn framfor søkjarar med lågare poengsum.

Når fleire søkjarar står likt i konkurransen om den eller dei siste plassane, blir rekkefølga mellom dei avgjort ved loddtrekning.

§ 6–14 Poengverdiar for karakterar

Ved inntak til vidaregåande skole tel talkarakterane frå grunnskolen med sine respektive talverdiar.

Bokstavkarakterar frå grunnskolen gir desse poenga:

S = 6, M = 5, G og T (realskolen) = 3,5, Ng = 2, Lg og Måt (realskolen) = 1.

§ 6–15 Karakterar frå grunnskolen

Avsluttande karakterar i faga skal leggjast til grunn. Ved omrekning til poeng i dei faga som skal leggjast til grunn, følgjer ein denne framgangsmåten:

- a) Ved poengutrekninga skal avsluttande karakterar i alle fag frå grunnskolen leggjast til grunn, jf. likevel § 24–2 om overgangsordninga mellom L97 og Kunnskapsløftet.
- b) Kvar av talkarakterane får tilsvarende poengverdi. Samla poeng for karakterar blir eit utrekna gjennomsnitt (med to desimalar) multiplisert med 10.
- c) Dersom det mangler karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng. Inntaket skjer da ut frå ei skjønsmessig vurdering, jf. § 6–17 andre ledd.
- d) Vaksne med vitnemål frå grunnskolen fell inn under punkt a og b.

§ 6–16 Karakterar frå annan skolegang

For søkjarar som har karakterar frå det tiande skoleåret i grunnskolen før 1997 eller frå prøver for vaksne vurderte etter krava i grunnskolen, legg ein det beste utvalet av karakterar til grunn ved inntaket.

§ 6–17 *Søkjjar utan bokstav- eller talkarakterar eller utan samanliknbart karaktergrunnlag*

For søkjarar som har gått på godkjende 10-årige grunnskolar og har vitnemål utan bokstav- eller talkarakterar, må ein på grunnlag av fråsegn frå desse grunnskolane rangere søkjarane etter pårekna føresetnader for vidaregåande opplæring.

Søkjarar som ikkje har samanliknbart karaktergrunnlag slik at dei kan bli vurderte etter denne føresegna eller føresegnene elles i §§ 6–14 til 6–16, skal vurderast individuelt.

Sakkunnig vurdering og vilkår for inntak til særskilt prioriterte utdanningsprogram i Vg1 for søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1

§ 6–18 *Kven som er sakkunnig*

Sakkunnig instans er den pedagogisk-psykologiske tenesta, jf. opplæringslova § 5–6.

§ 6–19 *Den sakkunnige vurderinga*

Den pedagogisk-psykologiske tenesta må sjå til at det ligg føre ei tilstrekkeleg sakkunnig vurdering, jf. § 6–20. Den sakkunnige vurderinga skal gjere greie for

- a) behovet som søkjaren har for spesialundervisning
- b) problema som ligg til grunn for søknaden
- c) føresetnader og moglegheiter som søkjaren har for å meistre dei utdanningsprogramma på vidaregåande trinn 1 han eller ho har søkt, og grunngiving for at den sakkunnige tilrår det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1
- d) vurdering av om søkjaren eventuelt har føresetnader for å meistre andre utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 enn det utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1 som han eller ho har ført opp som sitt primære val
- e) opplysningar om tidlegare tiltak og behov for tiltak i vidaregåande opplæring
- f) utviklingsmoglegheitene for søkjaren i det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1 som han eller ho har valt og
- g) om ein reknar med at det kan bli behov for opplæring utover 3 år etter opplæringslova § 3–1 femte ledd

Fylkeskommunen skal sjå til at den sakkunnige vurderinga er i samsvar med føresegnene i dette kapitlet.

§ 6–20 *Vilkår for inntak til særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1*

Vilkår for inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 er at søkjaren har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1 første ledd og rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5–1. Søkjaren må dessutan ha behov for spesialundervisning på grunn av ein eller fleire av desse vanskane:

- a) sansedefektar og motoriske defektar

- b) store lærevanskar
- c) emosjonelle eller sosiale problem
- d) store samansette funksjonshemmingar
- e) andre funksjonshemmingar

Søkjaren har rett til inntak til det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1 dersom han eller ho har valt på grunnlag av og i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

§ 6–21 Inntaksrekkefølga

Inntaksinstansen i fylkeskommunen tek inn søkjarar til særskilt prioriterte utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 på grunnlag av den sakkunnige vurderinga.

Når det er innbyrdes konkurranse mellom søkjarar til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, må fylkeskommunen prioritere dei søkjarane som har størst behov.

Vidaregåande trinn 2 og 3: Villkår for inntak av søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1

§ 6–22 Vidaregåande trinn 2

Vilkåra for inntak til eit programområde innanfor eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 2 er:

- a) Gjennomgått vidaregåande trinn 1 i same utdanningsprogrammet med bestått i fag det blir bygt vidare på i programområdet på vidaregåande trinn 2. Dette gjeld også søkjarar med dokumentasjon frå bestått relevant grunnkurs frå Reform 94 eller tidlegare, jf. overgangsordningane i kapittel 24.

I tillegg kan ein søkjar som i vidaregåande trinn 1 ikkje har bestått eitt eller fleire fag som det vidaregåande trinnet byggjer på, likevel takast inn som heiltidselev dersom det etter intern vurdering på skolen er dokumentert at søkjaren har dei kunnskapane og den dugleiken som etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er nødvendig for å følgje undervisninga.

- b) Dokumentert kompetanse som viser at søkjaren har dei kunnskapane og den dugleiken som er nødvendig for å følgje undervisninga.
- c) Vaksne med dokumentert realkompetanse, jf. §§ 4–37 og 6–27.

§ 6–23 Vidaregåande trinn 3

Vilkåra for inntak til eit programområde innanfor eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 3 er:

- a) Gjennomgått vidaregåande trinn 2 i same utdanningsprogrammet med bestått i fag det blir bygd vidare på i programområdet på vidaregåande trinn 3. Dette gjeld også søkjarar med dokumentasjon frå bestått relevant vidaregåande kurs I frå Reform 94 eller tidlegare, jf. overgangsordningane i kapittel 24.
- b) I tillegg kan ein søkjar som i vidaregåande trinn 2 ikkje har bestått eitt eller fleire fag som det vidaregåande trinnet byggjer på, likevel takast inn som heiltidselev dersom det etter intern vurdering på skolen er dokumentert at søkjaren har dei

kunnskapane og den dugleiken som etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er nødvendig for å følgje undervisninga.

- c) Dokumentert kompetanse som viser at søkjaren har dei kunnskapane og den dugleiken som er nødvendig for å følgje undervisninga.
- d) Vaksne med dokumentert realkompetanse i samsvar med §§ 4–37 og 6–27.
- e) Søkjarar som har lovfesta rett til opplæring, men ikkje får tildelt læreplass, har rett til inntak i eit programområde i vidaregåande trinn 3 som byggjer på det vidaregåande trinn 2 søkjaren har dokumentasjon for.

§ 6–24 Inntak av søkjarar med behov for spesialundervisning

Søkjarar som har behov for spesialundervisning, og som ikkje har vurdering med karakter frå vidaregåande trinn 1, skal takast inn på grunnlag av individuell vurdering. Det skal gjerast ei heilskapsvurdering som også legg vekt på ei sakkunnig vurdering og søkjaren si prioritering.

Søkjaren skal takast inn på eit programområde på vidaregåande trinn 2 eller 3 som byggjer på det vidaregåande trinn 1 eller 2 søkjaren har gjennomgått.

Vidaregåande trinn 2 og 3: Inntaksrekkefølge, poengutrekning for søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1

§ 6–25 Søkjarar med lovfesta rett etter opplæringslova § 3–1

Søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 3–1, har rett til inntak på eit programområde på vidaregåande trinn 2 innanfor det utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1 som søkjaren har gjennomgått. Ved inntak til vidaregåande trinn 3 har søkjaren rett til inntak på eit programområde som byggjer på det programområdet på vidaregåande trinn 2 som søkjaren har gjennomgått.

Dersom det til eit vidaregåande trinn melder seg fleire enn det er elevplassar i tilbodet frå fylkeskommunen, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av § 6–26. Søkjarar med høgare poengsum blir tekne inn framfor søkjarar med lågare poengsum. Så langt råd er skal ein ta omsyn til søkjaren si prioritering, jf. § 6–8. Står fleire søkjarar likt i konkurransen om den eller dei siste plassane, blir rekkefølga mellom dei avgjord ved loddtrekning.

§ 6–26 Poengutrekning for karakterar

Det blir gitt poeng for standpunkt- og eventuelle eksamenskarakterar på dokumentasjonen frå det vidaregåande trinnet på lågare nivå som dannar grunnlaget for inntak til det vidaregåande trinnet på høgare nivå. Det blir ikkje gitt poeng for eventuelle terminkarakterar. Poeng for karakterar skal reknast ut etter desse reglane:

- a) Ved poengutrekninga skal standpunkt- og eventuelle eksamenskarakterar i alle fag frå det vidaregåande trinnet på lågare nivå leggjast til grunn – også karakteren 1.
- b) Med mindre anna er bestemt i forskrift, skal kvar talkarakter reknast om til tilsvarande poengverdi. Samla poeng for karakterar blir eit utrekna gjennomsnitt (med to desimalar) multiplisert med 10.

- c) Dersom søkeren har gått eit trinn om igjen, skal det beste utvalet av karakterar leggjast til grunn.
- d) Søklarar som har gått fleire forskjellige utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller programområde på vidaregåande trinn 2, som alle dannar grunnlag for inntak i det vidaregåande trinnet, må velje kva for dokumentasjon som skal leggjast til grunn for utrekninga av poeng for karakterar.

Inntak og rangering av vaksne med og utan rett til vidaregåande opplæring

§ 6–27 Kartlegging og vurdering av realkompetanse for vaksne med rett til vidaregåande opplæring

Fylkeskommunen har plikt til å sørge for at vaksne søklarar med rett til vidaregåande opplæring etter § 4A–3 får kartlagt og vurdert realkompetansen sin, slik at denne kompetansen kan danne grunnlag for søknad om inntak, jf. §§ 6–10, 6–22 og 6–23. Kartlegginga og vurderinga av realkompetansen skal oppsummerast skriftleg.

Med realkompetanse er meint den formelle og uformelle kompetansen som den vaksne har.

Vaksne søklarar med rett til vidaregåande opplæring etter § 4A–3 skal til vanleg få tilbud om opplæring i samsvar med den sluttkompetansen dei ønskjer. I vurderinga skal det leggjast avgjerande vekt på moglegheitene som den enkelte har til å oppnå yrkes- eller studiekompetanse.

§ 6–28 Inntak og rangering av vaksne med og utan rett til vidaregåande opplæring

Vaksne søklarar skal primært takast inn til opplæringstilbod som er organiserte for vaksne.

Vaksne kan søkje om inntak til ordinær opplæring i den vidaregåande skolen. Vaksne søklarar skal da prioriterast etter ungdom med rett etter opplæringslova § 3–1.

Vaksne søklarar med rett til vidaregåande opplæring går framfor søklarar utan rett.

I tilfelle fylkeskommunen har oppretta eit opplæringstilbod med eit avgrensa tal på plassar, skal plassane tildelast søklarar med rett etter tidspunktet for registreringa av søknaden. Det gjeld både inntak til enkelte opplæringstilbod organiserte for vaksne og inntak til ordinær opplæring i den vidaregåande skolen. Dersom rangering etter registreringstidspunkt fører til at den enkelte vaksne ikkje får opplæring tilpassa behovet sitt, jf. opplæringslova § 4A–3, må fylkeskommunen gjere unntak etter ei konkret vurdering.

Dersom det er fleire søklarar utan rett enn det er ledige plassar, skal dei som ikkje tidlegare har fullført vidaregåande opplæring, gå framfor søklarar med fullført studie- eller yrkeskompetanse. Dei vaksne innanfor desse to gruppene skal få tilbud etter kvart som søknadene blir registrerte i fylkeskommunen.

Inntak av teiknspråklege søklarar med rett til opplæring etter opplæringslova § 3–9

§ 6–29 *Definisjon*

Knutepunktskolar er ordinære fylkeskommunale vidaregåande skolar som har tilrettelagde opplæringstilbod for døve og sterkt tunghøyrde elevar.

§ 6–30 *Søknad og søknadsfrist*

Fristen for søknad om inntak etter opplæringslova § 3–9 er 1. februar. Søknaden skal sendast til den fylkeskommunen der søkjaren er busett.

Søklarar med rett til opplæring etter opplæringslova § 3–9 må føre opp i søknaden om dei ønskjer vidaregåande opplæring i eit teiknspråkleg miljø, eller om dei ønskjer opplæring ved å bruke tolk i den ordinære vidaregåande skolen. Med teiknspråkleg miljø er meint knutepunktskole.

Søklarar som ønskjer opplæring i eit teiknspråkleg miljø, kan ikkje føre opp andre utdanningsprogram/programområde i søknaden enn dei tilboda som knutepunktskolane gir, eller som desse skolane gir i samarbeid med andre vidaregåande skolar.

Fylkeskommunen der søkjaren er busett, sender søknaden om inntak til knutepunktskolane. Søknadsfristen for fylkeskommunen er 15. mars.

§ 6–31 *Sakkunnig vurdering*

I samband med inntak etter opplæringslova § 3–9 skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering som mellom anna skal greie ut og ta standpunkt til

- a) behovet som søkjaren har for å få opplæring i og på teiknspråk
- b) om søkjaren har tilleggsvanskar utover høyrselshemminga, slik at det kan vere behov for spesialundervisning etter opplæringslova § 5–1 og
- c) om ein reknar med at søkjaren kan ha behov for opplæring utover tre år, etter opplæringslova § 3–1 femte ledd.

Sakkunnig instans er den pedagogisk-psykologiske tenesta, jf. opplæringslova § 5–6.

§ 6–32 *Inntaksrekkefølge til knutepunktskolar*

Dersom det til eit utdanningsprogram/programområde ved ein knutepunktskole er fleire søklarar enn elevplassar, skal fylkeskommunen der knutepunktskolen ligg, fordele plassane i denne prioriterte rekkefølga:

- a) søklarar frå eige fylke med rett til opplæring etter opplæringslova § 3–1
- b) søklarar frå eige fylke utan rett til opplæring etter opplæringslova § 3–1
- c) søklarar frå resten av landet med rett til opplæring etter opplæringslova § 3–1
- d) søklarar frå resten av landet utan rett til opplæring etter opplæringslova § 3–1.

Innanfor kvar av gruppene i første ledd skal plassane fordelast på grunnlag av dei generelle føresegnene om inntaksrekkefølga.

Skolane må reservere plassar for søklarar som ikkje har vurdering med karakterar. Desse søklarane skal takast inn på grunnlag av ei individuell vurdering. Det skal gjerast ei heilskapsvurdering, som også legg vekt på den sakkunnige vurderinga og prioriteringa til søkjaren.

Eleven skal normalt ha rett til å fullføre opplæringsløpet ved den skolen han eller ho først er teken inn til.

§ 6–33 (for eventuell seinare bruk)

§ 6–34 Samarbeid mellom fylkeskommunar og kompetansesenter om inntaket

Fylkeskommunar som har knutepunktskolar, skal samarbeide om inntaket for å kunne nytte det totale opplæringstilbodet ved knutepunktskolar på beste måte.

§ 6–35 Vedtak om inntak

Før fylkeskommunen gjer vedtak om opplæring etter opplæringslova § 3–9, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering.

Fylkeskommunen der knutepunktskolen ligg, avgjer om søkjaren skal få plass, og sender tilbakemelding til søkjaren sin heimfylkeskommune, som gjer det endelege vedtaket om inntak av søkjaren.

Dersom søkjaren får avslag på søknad om inntak til knutepunktskole, skal det snarast mogleg sendast melding til søkjaren sin heimfylkeskommune, som i samråd med skolane må finne eit anna tilbod om opplæring i eit teiknspråkleg miljø.

Fylkeskommunen der søkjaren er busett, har ansvaret for at rettane etter opplæringslova § 3–9 blir oppfylte.

§ 6–36 Andre reglar som gjeld ved inntak av søkjarar med rett til opplæring etter opplæringslova § 3–9

Desse reglane gjeld så langt dei høver:

- a) §§ 6–1 til 6–3 om verkeområde, definisjonar og informasjon
- b) § 6–6 om klage på vedtak om inntak
- c) §§ 6–7 til 6–8 om søknad og søknadsfrist
- d) §§ 6–9 til 6–12 om vilkår for inntak av søkjarar med rett etter opplæringslova § 3–1

- e) §§ 6–13 til 6–17 om inntaksrekkefølge til utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 for søkjarar med rett etter opplæringslova § 3–1
- f) §§ 6–18 til 6–21 om sakkunnig vurdering og vilkår for inntak til særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 etter opplæringslova § 3–1

- g) §§ 6–22 til 6–26 om vilkår for inntak og inntaksrekkefølge til programområde på vidaregåande trinn 2 og 3

Formidling av lærlingar og lære kandidat ar til lærebedrifter

§ 6–37 Generelt

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda formidlar elevar/vaksne til dei lærebedriftene som nemnda på vegner av fylkeskommunen har inngått avtale om lære plassar med.

Formidlinga omfattar både søkjarar som skal fullføre opplæringa som lære kandidat ar fram mot kompetanseprøve på lågare nivå enn fag-/sveineprøve, og søkjarar som skal fullføre opplæringa fram til fag-/sveineprøve som lærlingar.

Når det gjeld formidling av lære kandidat ar, skal fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda fastleggje eit opplæringsløp for den enkelte lære kandidat en mot

planlagd kompetanse, med utgangspunkt i kompetansemåla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Formidlinga omfattar ikkje søkjarar som er over 21 år, og som tek sikte på full opplæring i lærebedrift utan førehandsopplæring i skolen. Formidlinga omfattar heller ikkje søkjarar med særskilde behov for tilrettelagd opplæring når opplæringa i bedrift inngår som del av eller heile det tilrettelagde tilbodet utan at søkjaren er lærling eller lærekandidat.

§ 6–38 *Vilkår for formidling*

Søkjarar må fylle desse vilkåra for å bli formidla:

- a) For søkjarar som etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet skal ha opplæring som lærling eller lærekandidat i bedrift direkte frå grunnskolen, gjeld § 6–10.
- b) For søkjarar som etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet skal ha opplæring som lærling eller lærekandidat i bedrift etter vidaregåande trinn 1, gjeld § 6–22. For søkjarar med særskilde behov gjeld § 6–24.
- c) For søkjarar som etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet skal ha opplæring i bedrift som lærling eller lærekandidat etter vidaregåande trinn 2, gjeld § 6–23. For søkjarar med særskilde behov gjeld § 6–24.

I tillegg må søkjarane fylle spesielle krav som går fram av Læreplanverket for Kunnskapsløftet eller er tekne inn i avtalen med den enkelte bedrifta etter godkjenning av yrkesopplæringsnemnda. Krava skal vere grunnleggjande i bedrifta si verksemd, det gjeld mellom anna produksjon, utstyr og kundebehandling. Krava skal ikkje verke diskriminerande eller gjere formidlinga unødvendig vanskeleg. Prinsippet om lik rett til opplæring skal gjelde.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda kan for enkelte lærlingar avvike frå første ledd tredje strekpunkt som vilkår for formidling, på desse vilkåra:

- a) Lærebedrifta skal gi eller koste eventuell manglande opplæring i forhold til kravet i Læreplanverket for Kunnskapsløftet ved at lærlingen ikkje har rett til vidaregåande trinn 2, og eventuelt ikkje rett til vidaregåande trinn 1. Det gjeld både manglande teori og praksis.
 - b) Lærebedrifta og lærlingen må vere einige om avviket.
 - c) Konsekvensar og ansvarsforhold må kome fram i lærekontrakten.
 - d) Lærlingen må framstille seg til den tverrfaglege teoriprøva for det vidaregåande trinn 2 som lærefaget normalt blir rekruttert frå.
 - e) Det kan ikkje krevjast ekstra tilskott for lærlingen.
- Alle vilkåra må vere oppfylte.

§ 6–39 *Fordelinga til den enkelte lærebedrifta*

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda inngår avtale med lærebedrifter om dei læreplassane som står til disposisjon. I avtalen kan bedrifta stille krav til lærlingen eller lærekandidaten grunnleggjande i bedrifta si verksemd.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda vel ut dei elevane som skal få tilbod om dei læreplassane det er gjort avtale om, og formidlar lærlingane og lærekandidatane til bedriftene.

God kontakt mellom yrkesopplæringsnemnda og bedriftene er ein føresetnad.

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda skal ha prinsippet om lik rett til opplæring som utgangspunkt ved fordelinga/formidlinga.

I tillegg til elevønska om fagområde og krava som bedriftene stiller, skal det ved formidlinga leggjast vekt på

- a) kjønnsfordeling
- b) tilpassa tilbod til søkjarar med behov for tilrettelagd opplæring og
- c) geografiske eller andre særlege forhold

Elevar som står i nært forhold til ei bedrift, anten gjennom familiær tilknytning eller arbeidsmessige forhold, kan få førerett til læreplass i bedrifta.

Det skal teiknast lærekontrakt/opplæringskontrakt mellom søkjaren og bedrifta. Bedrifta bestemmer sjølv om ho vil teikne kontrakt med den eller dei som er formidla av yrkesopplæringsnemnda.

Dersom det er inngått avtale om fleire læreplassar enn det er søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring, skal kvalifiserte søkjarar utan lovfesta rett få tilbod om plassane. Utveljing og formidling skal skje etter dei same reglane som for søkjarar med lovfesta rett.

Inntak til teoriopplæring for lærlingar og lære kandidat

§ 6–40 *Organisering for lærlingar og lære kandidat*

Fylkeskommunen kan godkjenne lærekontraktar/opplæringskontraktar som avvik frå den opplæringsordninga som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, jf. opplæringslova § 3–3 tredje ledd. Avvik kan vere at lærebedrifta tek ansvar for ein større del av opplæringa enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, eller at opplæringa i skole og bedrift skjer i ei anna rekkjefølgje enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Det skal gå fram av lærekontrakten/opplæringskontrakten kva opplæringsansvar bedrifta har for lærlingen/lære kandidaten. Det skal vere samsvar mellom opplæringsansvaret og den tida bedrifta har ansvar for lærlingen/lære kandidaten. Dersom opplæringa i skole og bedrift skal skje i ei anna rekkjefølgje enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, skal organiseringa gå klart fram av kontrakten.

Vaksne lærlingar eller lære kandidat som inngår lærekontrakt eller opplæringskontrakt som fastset ei anna opplæringsordning enn den som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet for faget, skal normalt få den delen av opplæringa som ikkje skjer i bedrifta, som opplæring organisert for vaksne.

Særskilt om inntak til somme statlege vidaregåande skolar

§ 6–41 *Særskilt om inntak til somme statlege vidaregåande skolar*

Føresegnene i dette kapitlet gjeld inntak til desse statlege vidaregåande skolane så langt dei høver:

- Samisk vidaregåande skole, Karasjok, Sami joatkkaskuvla, Karasjogas
- Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole, Kautokeino, Sami joatkkaskuvla ja Boazodoalloskuvla, Guovdageaidnu
- Statens skolar med utdanningsprogram for naturbruk

Søkjarar frå heile landet stiller likt ved inntak til dei skolane som er nemnde i denne paragrafen.

Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er plassar i dei vidaregåande statsskolane i Karasjok og Kautokeino, har samisk ungdom førerrett.

Søkjarar som berre kan få oppfylt fagønska i dei vidaregåande statsskolane i Karasjok og Kautokeino, går framfor søkjarar som kan få oppfylt ønska sine ved ein annan skole.

Inntak til dei samiske vidaregåande skolane som er nemnde i denne paragrafen, skal gjerast av inntaksnemnda i Finnmark fylke.

Kapittel 7 Alternative opplæringsformer i samisk og finsk

(Opplæringslova § 2–7 andre ledd, § 6–2 femte ledd og § 6–3 første ledd)

§ 7–1 *Alternative opplæringsformer i samisk og finsk*

Elevar som har rett til opplæring i samisk og/eller finsk, har rett til alternativ form for slik opplæring når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale ved skolen. Alternative former for opplæring kan t.d. vere fjernundervisning, intensivundervisning eller særlege leirskoleopphald.

Alternative opplæringstilbod for elevar i grunnskolen skal utarbeidast i samarbeid med foreldra.

Kapittel 8 (for eventuell seinare bruk)

Kapittel 9 Rådgivande folkerøysting om målform i grunnskolen

(Opplæringslova § 2–5 sjuande ledd)

§ 9–1 *Kapitlet gjeld*

Føresegnene i kapitlet gjeld rådgivande folkerøysting om skriftleg hovudmål i grunnskolen etter opplæringslova § 2–5 sjuande ledd.

§ 9–2 *Røysterett*

Røysterett har alle som bur i det området som soknar til skolen etter opplæringslova § 8–1, og som den 30. dagen før røystemøtet står innførte i folkeregisteret som busette i kommunen, og seinast i det året folkerøystinga blir halden, vil ha fylt 18 år.

Røysterett har òg foreldre/forsytarar til barn på barnetrinnet ved skolen, og foreldre/forsytarar som har barn som er innskrivne der for å ta til på første trinnet, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Krav om å kome med som røystefør forelder/forsytar må vere levert eller framsett for kommunen seinast tre veker etter den første kunngjeringa om røysting.

§ 9–3 Ansvar for røystinga

Kommunen har ansvaret for røystinga og skal sørge for at det blir sett opp liste over dei som har røysterett etter § 9–2 andre ledd. Kommunen organiserer røystinga.

§ 9–4 Røystinga

Kommunen skal fastsetje tid og stad for røysting og syte for innkalling av dei røysteføre med minst 4 vekers frist. Innkallinga skal ha med opplysningar om

- kva røystinga gjeld
- kven som har røysterett
- tid og stad for røysting
- tid og stad for førehandsrøysting.

Så langt råd er, skal røystinga haldast på ei tid som høver for dei røysteføre. Røystinga skal vere skriftleg. Resultatet av røystinga er rådgivande, og kjem fram ved vanleg fleirtal.

Dei som har rett til å røyste, men ikkje kan vere til stades ved røystinga, har rett til å røyste på førehand.

§ 9–5 Nytt vedtak

Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det er gått 5 år.

Kapittel 10 Skyss av elevar i vidaregåande opplæring

(Opplæringslova § 7–2)

§ 10–1 Fylkeskommunens ansvar

Fylkeskommunen har ansvaret for skyss etter reglane i opplæringslova § 7–2 for elevar som er busette i fylket.

Fylkeskommunen kan velje om eleven skal få gratis skyss eller full skyssgodtgjersle.

Fylkeskommunen har etter reglane i dette kapitlet ikkje ansvar for skyss når eleven vel eit anna tilbod om vidaregåande opplæring enn det fylkeskommunen gir.

§ 10–2 Full skyssgodtgjersle

Eleven har rett til full skyssgodtgjersle i dei tilfella fylkeskommunen ikkje gir tilbod om gratis skyss. Full skyssgodtgjersle inneber at dei naudsynte faktiske skysskostnadene for eleven blir dekte. Val av transportmiddel skal avklarast med fylkeskommunen så snart som mogleg etter at eleven har fått tildelt skoleplass. Kostnadene skal dokumenterast. Dersom det ikkje er mogleg å avklare val av transportmiddel før skolen tek til, må fylkeskommunen likevel dekkje elevens dokumenterte faktiske og naudsynte skysskostnader i perioden fram til slik avklaring skjer.

Ved bruk av privat bil, skal skysskostnadene bli dekte etter satsane for dekning av utgifter ved reise for undersøkelse og behandling, jf. forskrift 11. mars 1997 nr. 211. Eventuelle naudsynte kostnader som er større enn det satsen dekkjer, må dokumenterast. Slike kostnader kan mellom anna vere betaling av bompengar og fergeturar.

§ 10–3 *Vilkår for dispensasjon frå kravet om gratis skyss*

Dispensasjon frå plikta til å sørgje for gratis skoleskyss etter § 7–2 i opplæringslova kan etter søknad til departementet givast når desse vilkåra er oppfylte:

- Fylkeskommunane må ha ei ordning med subsidierte rabattkort for ungdom. Prisen må ikkje overstige 50 % av vanleg månadskort for vaksne.
- Eit rabattkort må omfatte ordinær reise til og frå skole, arbeid og fritidsaktivitetar.
- Rabattkortet må i tillegg til ordinær skoleskyss kunne nyttast både på dagtid og kveldstid alle dagar. Dei aktuelle kollektive transportmidla som rabattkortet gjeld for, må vere godt utbygde og ha jamlege avgangar.
- Ordninga må omfatte minst heile skoleåret.

§ 10–4 *Avgjerdsmyndigheit*

Søknader om dispensasjon frå § 7–2 i opplæringslova blir avgjorde av departementet. Dispensasjon kan givast for eitt år om gongen.

Kapittel 11 Særskilde reglar om fagopplæringa

(Opplæringslova § 3–3 sjetle ledd, § 4–3, § 4–4 femte ledd, § 4–5 andre ledd, § 12–3 sjetle ledd)

Godkjenning av lærebedrift

§ 11–1 *Godkjenning av lærebedrift*

Lærebedrifta må vere godkjend av fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda for å kunne teikne lærekontrakt eller opplæringskontrakt, jf. opplæringslova § 4–3. Fylkeskommunen der lærebedrifta er lokalisert, gir godkjenning for kvart enkelt fag lærebedrifta skal kunne ha lærling eller lære kandidat i. Har bedrifta lokale i fleire fylkeskommunar, avgjer lokaliseringa til den aktuelle avdelinga av lærebedrifta kva for ein fylkeskommune som kan godkjenne bedrifta.

Godkjenning som lærebedrift kan givast til enkeltbedrift, offentleg etat eller institusjon, opplæringskontor eller opplæringsring, jf. § 11–2 og § 11–3.

For å få godkjenning må lærebedrifta ha slik verksemd og slikt utstyr at ho kan gi opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen. Lærebedrifta må ha fagleg leiar med ansvar for opplæringa. Bedrifta må utvikle intern plan for opplæringa for å sikre at lærlingen eller lære kandidaten får opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen for lære kandidaten.

§ 11–2 Opplæringskontor

Eit opplæringskontor er eit organ for bedrifter som samarbeider om opplæring for lærlingar og/eller lære kandidatatar. Bedriftene må samla kunne gi opplæring i samsvar med dei fastsette læreplanane, også dei individuelle opplæringsplanane for lære kandidatatar.

Lærekontrakt eller opplæringskontrakt blir da teikna mellom lærling eller lære kandidat og opplæringskontor.

For å få godkjenning som lærebedrift må opplæringskontoret ha vedtekter som fastset pliktene til dei samarbeidande bedriftene. Vedtektene skal godkjennast av fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda. Vedtektene skal m.a. fastsetje rutinar som sikrar at opplæringa blir gitt i samsvar med læreplanane.

Opplæringskontoret må melde frå til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda om endringar i dei bedriftene som er knytte til opplæringskontoret.

§ 11–3 Opplæringsring

Ein opplæringsring består av to eller fleire bedrifter som samarbeider om opplæring av lærlingar og/eller lære kandidatatar. Bedriftene må samla kunne gi opplæring i samsvar med læreplanane, også dei individuelle opplæringsplanane for lære kandidatatar.

Lærekontrakt eller opplæringskontrakt blir da teikna mellom lærlingen eller lære kandidaten og den bedrifta som skal ha hovudansvaret for opplæringa.

For å få godkjenning som lærebedrift må bedriftene i opplæringsringen ha ein avtale som fastset pliktene til dei samarbeidande bedriftene. Avtalen må godkjennast av fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda. I avtalen skal det m.a. vere fastsett rutinar som sikrar at opplæringa blir gitt i samsvar med læreplanane.

§ 11–4 Tap av godkjenning

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda skal trekkje tilbake godkjenninga som lærebedrift dersom lærebedrifta ikkje lenger tilfredsstiller dei formelle krava, gir mangelfull opplæring eller gjer seg skuldig i vesentlege brot på pliktene sine. Lærebedrifta må ha ny godkjenning dersom det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

§ 11–5 Tilsyn og rapportering

Fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda der lærebedrifta, jf. forskrifta §§ 11–1 til 11–3, er lokalisert, fører tilsyn med bedrifta, jf. opplæringslova § 12–4.

Lærebedrifta pliktar å gi den informasjon som fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda krev for å kunne vurdere om godkjenning skal givast eller vidareførast, og for å kunne fastsetje og utbetale tilskott.

§ 11–6 Fylkeskommunalt tilskott til lærebedrift

Fylkeskommunen der lærlingen eller lære kandidaten er busett, skal betale tilskott til lærebedrift og tilskott til opplæringsring og opplæringskontor etter retningslinjer og satsar

fastsette av departementet. Betalingsplikta gjeld godkjend lærekontrakt for lærlingar og opplæringskontrakt for lærekandidatar.

Fylkeskommunen der lærebedrifta er lokalisert, kan krevje refusjon av utgifter som er direkte relaterte til lærlingen eller lærekandidaten frå fylkeskommunen der lærlingen eller lærekandidaten er busett.

Når ein lærling eller lærekandidat skifter lærebedrift, skal yrkesopplæringsnemnda i den fylkeskommunen som utbetaler tilskott, gjere vedtak om fordelinga av dei forskjellige tilskotta mellom lærebedriftene.

Har fylkeskommunen gitt lærlingen eller lærekandidaten delar av den opplæringa som etter læreplanen skal givast i læretida, skal lærebedrifta ikkje ha basistilskott for denne delen av opplæringa.

Lærekontrakt

§ 11–7 Innhaldet i og forma på lærekontrakten

Ved teikning av lærekontrakt skal det nyttast kontraktsskjema fastsett av departementet.

Arbeidsoppgåvene til yrkesopplæringsnemnda og delegering til sekretariatet

§ 11–8 Arbeidsoppgåvene til yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda fastset sine arbeidsoppgåver og arbeidsrutinar innanfor dei rammene som er gitt i lov og forskrift, jf. opplæringslova § 12–4.

§ 11–9 Arbeidsutval

Yrkesopplæringsnemnda kan oppnemne eit arbeidsutval for to år om gongen blant nemnda sine medlemmer. Leiaren og nestleiaren i nemnda skal vere medlemmer i arbeidsutvalet. I arbeidsutvalet må både arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonene vere representerte.

§ 11–10 Sekretariat

Yrkesopplæringsnemnda sitt sekretariat utfører på vegner av nemnda dei daglege arbeidsoppgåvene som er lagde til nemnda.

§ 11–11 Delegering

Yrkesopplæringsnemnda kan gi arbeidsutvalet eller sekretariatet fullmakt til å gjere vedtak i saker som er lagde til nemnda i lov eller forskrift. Nemnda fastset retningslinjene for kva saker arbeidsutvalet eller sekretariatet kan behandle.

Desse sakene skal behandlast og avgjerast av nemnda, og kan ikkje delegerast:

- Planar og retningslinjer for nemnda si verksemd i budsjettåret, og retningslinjer for arbeidet i sekretariatet
- Spørsmål om å ta frå ei bedrift retten til å ha lærling/lærekandidat
- Spørsmål om å ta frå ein lærling/lærekandidat opplæringsretten, jf. opplæringslova § 4–6

- Spørsmål om å heve lærekontrakten/opplæringskontrakten når ein av partane i medhald av forvaltningslova har klaga på eit vedtak.

Avvik frå opplæringsordninga

§ 11–12 Avvik frå opplæringsordninga for den enkelte lærlingen/lærekandidaten

Fylkeskommunen kan samtykkje i at det blir fastsett avvik frå dei vanlege kontraktsvilkåra for personar som har avgrensa arbeidsevne på grunn av fysiske og/eller psykiske funksjonshemmingar. Krava til dei allmennteoretiske måla kan ikkje bli senka utover det som følgjer av forskrifta § 4–66.

Lærlingar eller lærekandidatar som har teikna lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter reglane i første ledd eller etter opplæringslova § 3–3 tredje ledd, kan få godskrive eventuell tidlegare skole eller praksis etter forskrifta § 11–13 flg.

Lærekontrakt med full opplæring i bedrift kan ikkje godkjennast for ein som fyller kravet til praksis for å framstille seg til prøve med heimel i opplæringslova § 3–5.

Godskriving av tidlegare gjennomgådd teoriopplæring og praksis

§ 11–13 Generelt om godskriving

§ 11–14 til § 11–20 gir reglar om kva som kan godskrivas som gjennomgådd opplæring eller praksistid

- a) for praksiskandidatar, jf. opplæringslova § 3–5, eller
- b) ved godkjenning av lærekontrakt eller opplæringskontrakt med avvik frå opplæringsstrukturen i faget, jf. opplæringslova § 3–3 tredje og sjette ledd.

Fylkeskommunen vurderer den framlagde dokumentasjonen og gjer vedtak i samsvar med forskrifta § 11–14 flg.

§ 11–14 Felles allmenne fag

Praksiskandidatar er fritakne for kravet om bestått i dei felles allmenne faga for å kunne framstille seg til fag-/sveineprøva, jf. forskrifta § 4–66.

§ 11–15 Tidlegare gjennomgått grunnkurs og vidaregåande kurs etter ny struktur (kurs med læreplanar)

Grunnkurs i studieretninga for det aktuelle lærefaget (ordinært løp eller godkjent kryssløp), blir godskrive med eitt år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Andre grunnkurs blir godskrivne med 1/4 år i læretida for lærlingar, men gir ikkje godskriving i praksistida for praksiskandidatar.

Vidaregåande kurs I som er fastsett for det aktuelle lærefaget (ordinært løp eller godkjent kryssløp), blir godskrive med eitt år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Andre vidaregåande kurs I i den studieretninga som er fastsett for det aktuelle lærefaget blir godskrivne med 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Vidaregåande kurs I i andre studieretningar blir godskrivne med 1/4 år i læretida for lærlingar, men gir ikkje godskriving i praksistida for praksiskandidatar.

Vidaregåande kurs II i skole som byggjer på det same vidaregåande kurs I som det aktuelle lærefaget, blir godskrive med 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Vidaregåande kurs II i andre studieretningar blir ikkje godskrivne korkje i læretida for lærlingar eller i praksistida for praksiskandidatar.

§ 11–16 Tidlegare gjennomgått grunnkurs og vidaregåande kurs i gamal struktur (kurs med fagplanar eller opplæringsplanar)

Grunnkurs i det aktuelle faget, eller i fag som tilsvare godkjent kryssløp i ny struktur, blir godskrive med eitt år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Det skal givast fritak for beståtte studieretningsfag.

Grunnkurs i eit anna fag innan den studieretninga der det aktuelle lærefaget ligg i ny struktur, blir normalt godskrive med 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Det vil normalt ikkje bli gitt fritak for beståtte studieretningsfag.

Grunnkurs frå andre studieretningar enn den studieretninga der det aktuelle lærefaget ligg i ny struktur, blir ikkje godskrive korkje i læretida for lærlingar eller i praksistida for praksiskandidatar.

Vidaregåande kurs I i det aktuelle lærefaget, eller i fag som tilsvare godkjent kryssløp i ny struktur, blir godskrive med eitt år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Det skal givast fritak for beståtte studieretningsfag. Andre vidaregåande kurs I som i ny struktur ligg i same studieretning som det aktuelle lærefaget, blir godskrivne med 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Vidaregåande kurs I som i ny struktur ligg i andre studieretningar enn det aktuelle lærefaget, blir ikkje godskrivne korkje i læretida for lærlingar eller i praksistida for praksiskandidatar.

Vidaregåande kurs II som i ny struktur ligg i same studieretning som det aktuelle lærefaget, blir godskrive med 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar. Det skal ikkje givast fritak for beståtte studieretningsfag. Vidaregåande kurs II som i ny struktur ligg i andre studieretningar enn det aktuelle lærefaget, blir ikkje godskrivne korkje i læretida for lærlingar eller i praksistida for praksiskandidatar.

§ 11–17 Tidlegare læretid eller praksistid

Allsidig, dokumentert praksis i tilknytning til det aktuelle lærefaget, blir godskriven fullt ut som læretid for lærlingar og som praksistid for praksiskandidatar.

Før praksiskandidaten kan gjennomføre fag-/sveineprøva etter opplæringslova § 3–5, må praksisen etter ei samla vurdering dekkje dei mest vesentlege delane av innhaldet i læreplanen for vidaregåande kurs I og vidaregåande kurs II/bedrift som er relevante for faget.

Dersom læretida i det aktuelle lærefaget er fullført, men lærlingen//eleven ikkje har gjennomført eller ikkje har bestått fag-/sveineprøva, kan prøva takast seinare når praksiskravet om tillegget på 25 prosent av den fastsette læretida for faget er dekt, jf. opplæringslova § 3–5.

§ 11–18 Tidlegare bestått fag-/sveineprøve i ny struktur (etter læreplan)

Bestått fag-/sveineprøve i andre fag som byggjer på det same vidaregåande kurs I som det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 3 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag-/sveineprøve i fag som byggjer på eit anna vidaregåande kurs I innanfor den same studieretninga som det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag-/sveineprøve i fag innanfor andre studieretningar enn det aktuelle lærefaget blir godskriven med 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

§ 11–19 Tidlegare bestått fag-/sveineprøve i gamal struktur (etter opplæringsplan)

Bestått fag-/sveineprøve i fag som i ny struktur byggjer på det same vidaregåande kurs I som det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 2 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag-/sveineprøve i fag som i ny struktur byggjer på eit anna vidaregåande kurs I innanfor den same studieretninga som det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag-/sveineprøve i fag som i ny struktur ligg i andre studieretningar enn det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

§ 11–20 Dispensasjon frå godskrivingsreglane

Ved særlege kurs- og fagkombinasjonar der reglane ut frå ei fagleg vurdering vil gi eit urimeleg resultat, kan fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda fråvike forskrifta §§ 11–15 til 11–19.

Kapittel 12 Tryggleik for elevane

(Opplæringslova § 9a–9)

§ 12–1 Tryggleik for elevane

I tillegg til dei krav om førebygging av skade og ulykke som følgjer av andre lover og forskrifter, deriblant m.a. opplæringslova, dei delar av arbeidsmiljølova som er gjorde gjeldande for ulike opplærings situasjonar og forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., gjeld dette:

- a) Når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.
- b) I situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskolen, skal det alltid vere ein tilsynsansvarleg, vaksen person til stades. Dersom den gruppa skolen har ansvaret for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vere flinke til å symje og dykke, og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det

- nødvendig. For vidaregåande skole gjeld her berre det generelle kravet om tryggleik, slik det er formulert i bokstav a.
- c) Av pedagogiske og trafikktryggleiksmessige omsyn, og når trafikkforholda gjer det forsvarleg, kan det i samarbeid mellom skolen og politiet opprettast skolepatruljar. Skolepatruljar skal ikkje regulere trafikken, og skal ikkje stå ute i vegbana, men berre markere at nokon skal krysse vegen. Foreldra må samtykkje før ein elev blir sett til skolepatruljeteneste.
 - d) I ordensreglementet for skolen kan det også takast inn føresegner som nærmare regulerer førebyggjande tiltak, t.d. i høve til å bruke sykkel eller rulleskøyter.
 - e) Reglane for grunnskolen gjeld tilsvarande for skolefritidsordninga.

Kapittel 13 Oppfølgingstenesta i vidaregåande opplæring (Opplæringslova § 3–6 andre ledd)

§ 13–1 Formål

Formålet med oppfølgingstenesta er å sørge for at all ungdom som høyrer til målgruppa, jf. § 13–2, får tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetjing.

Tilbod som blir formidla gjennom oppfølgingstenesta, skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå innanfor vidaregåande opplæring.

Oppfølgingstenesta kan også arbeide for å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med rådgivingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring.

§ 13–2 Målgruppe

Målgruppa for oppfølgingstenesta er ungdom som er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring, og som det aktuelle skoleåret

- a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller læreplass, eller
- b) avbryt slik opplæring, eller
- c) ikkje er i arbeid, eller
- d) har tapt retten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova § 3–8 eller som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt i samsvar med opplæringslova § 4–6.

§ 13–3 Oppgåver

Fylkeskommunen skal gjennom oppfølgingstenesta sørge for

- a) å ha oversikt over målgruppa som er definert i § 13–2
- b) at det blir teke kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa
- c) at alle i målgruppa får tilbod om rettleiing
- d) at alle i målgruppa får tilbod i samsvar med § 13–1
- e) å ha oversikt over aktuelle tilbod for målgruppa og
- f) å følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta

Ungdom i målgruppa som ikkje tek imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta, og som ikkje er i utdanning eller arbeid, skal kontaktast og få tilbod kvart skoleår så lenge dei er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring.

Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta, og som tenesta formidlar tilbod til, skjer gjennom heile året.

§ 13–4 Samarbeid og samordning

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolorne og dei vidaregåande skolane og rådgivarane der, den pedagogisk-psykologiske tenesta, opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen, arbeidsmarknadsetaten og sosial- og helseetaten.

Kapittel 14 Krav til kompetanse ved tilsetjing i undervisningsstilling

(Opplæringslova § 10–1 og § 10–3)

§ 14–1 Krav til pedagogisk kompetanse

Alle som skal tilsetjast i undervisningsstilling, må ha pedagogisk bakgrunn i samsvar med krava i rammeplanane for lærarutdanningane med forskrifter, jf. *lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler* § 3–2 andre ledd, eller ha tilsvarande pedagogisk kompetanse.

Til opplæring av vaksne etter opplæringslova kapittel 4A kan det også tilsetjast personar utan formell pedagogisk kompetanse etter første ledd. Føresetnaden er at vedkommande har vesentleg erfaring med opplæring av vaksne og er eigna til undervisning av vaksne.

§ 14–2 Krav for tilsetjing i grunnskolen

a) Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på 1. klassetrinn i grunnskolen, må fylle eitt av desse krava:

- Førskolelærarutdanning, jf. nasjonal rammeplan
- Førskolelærarutdanning, jf. nasjonal rammeplan, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarande minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg
- Allmennlærarutdanning, jf. nasjonal rammeplan
- Faglærarutdanning i praktiske og/eller estetiske fag, jf. nasjonale rammeplanar, eller tilsvarande kompetanse i desse faga. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

b) Den som skal tilsetjast på 2. - 4. klassetrinn i grunnskolen, må fylle eitt av desse krava:

- Førskolelærarutdanning, jf. nasjonal rammeplan, og minst 60 studiepoeng vidareutdanning innretta på undervisning på småskoletrinnet
- Førskolelærarutdanning, jf. nasjonal rammeplan, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarande minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg

- Allmennlærerutdanning, jf. nasjonal rammeplan
- Faglærerutdanning i praktiske og/eller estetiske fag, jf. nasjonale rammeplanar, eller tilsvarende kompetanse i disse faga. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

c) Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på 5. - 10. klassetrinn i grunnskolen, må fylle eitt av desse krava:

Allmennlærerutdanning, jf. nasjonal rammeplan

- Faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning

- Yrkesfaglærerutdanning, jf. nasjonal reammeplan, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning

- Universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 studiepoeng inklusive pedagogisk utdanning etter § 14–1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning

- Førskolelærerutdanning, jf. nasjonal rammeplan, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarende minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg.

§ 14–3 *Krav for tilsetjing i den vidaregåande skolen*

a) Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i allmenne fag i den vidaregåande skolen, må fylle eitt av desse krava:

- Universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 studiepoeng, inklusive pedagogisk utdanning etter § 14–1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning

- Faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning

- Lærerutdanning, jf. § 14–2, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarende minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg.

b) Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i yrkesfag i den vidaregåande skolen, må fylle eitt av desse krava:

- Yrkesfaglærerutdanning, jf. nasjonal rammeplan, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning, jf. § 14–5

- Universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 180 studiepoeng inklusive pedagogisk utdanning etter § 14–1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning

- Faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning

- Fagbrev, sveinebrev eller fullført og bestått anna yrkesfagleg utdanning i vidaregåande opplæring, 2 års yrkesteoretisk utdanning utover vidaregåande skolenivå og 4 års yrkespraksis etter fullført vidaregåande opplæring, for

undervisning i fag/på fagområde som utdanninga/bakgrunnen er relevant for. I tillegg krevst pedagogisk kompetanse etter § 14–1

- Lærerutdanning, jf. § 14–2, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarande minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg.

§ 14–4 *Krav for tilsetjing som morsmåslærer for elevar frå språklege minoritetar*

Den som skal tilsetjast som morsmåslærer, jf. opplæringslova § 2–8, må fylle eitt av desse krava:

- Lærerutdanning frå heimlandet til eleven og dokumentert gode norskkunnskapar
- Lærer med same morsmål som eleven: Universitets- og/eller høgskoleutdanning av ei samla lengd på minst 3 år inklusive pedagogisk utdanning etter § 14–1, og dokumentert gode norskkunnskapar. 1 1/2 år av utdanninga må omfatte språket og kulturen til eleven
- Norskspråkleg lærar som ikkje har same morsmål som eleven: Universitets- og/eller høgskoleutdanning i eleven sitt språk som samla utgjer minst 90 studiepoeng, og god kjennskap til den kulturelle bakgrunnen til eleven, i tillegg til pedagogisk utdanning etter § 14–1.

§ 14–5 *Tilsetjing på vilkår*

Når det til utlyst full stilling eller delstilling i yrkesfag ikkje melder seg søkjar som fyller kompetansekrava, kan søkjar som fyller dei faglege krava, men manglar pedagogisk eller yrkesteoretisk utdanning, tilsetjast på det vilkår at utdanninga blir fullført.

Når det til full stilling eller delstilling i morsmål ikkje melder seg søkjar som fyller kompetansekrava, kan søkjar som fyller dei faglege krava, men manglar pedagogisk utdanning, tilsetjast på det vilkår at utdanninga blir fullført.

Arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler lengda på tilsetjing på vilkår. Det skal da takast omsyn til omfanget av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgjengeleg utdanningstilbodet er.

§ 14–6 *Krav for tilsetjing av lærar med utdanning og praksis frå land i EØS-området*

Statsborgar i EØS-land eller i Sveits som har utdanning og praksis som til saman kan seiast å vere likeverdige med den norske lærerutdanninga som vert kravd i det einkilde tilfellet, kan tilsetjast. Det kan stillast krav om tilfredsstillande kunnskapar, dugleik og innsikt i norsk språk og i norske samfunnsforhold og skoleforhold.

Statsborgarar i EØS-land eller i Sveits som er godkjent som lærar i eit land innan EØS-området eller i Sveits har rett til å bli vurdert som kvalifisert til norsk lærarstilling når utdanninga og praksisen til vedkommande kan seiast å tilsvare det kompetansekravet som er sett til den aktuelle norske lærarstillinga.

Følgjande EØF-/EF-direktiv må leggjast til grunn for korleis ein skal handsame søkjar som er statsborgar i land innan EØS-området eller i Sveits, ved tilsetjing av lærarar: Direktiv 89/48/EØF, direktiv 92/51/EØF og direktiv 2001/19/EF.

§ 14–7 *Krav for tilsetjing av lærar med utdanning og praksis frå land utanfor EØS-området*

Den som skal tilsetjast, må ha utdanning og praksis tilsvarande den som krevst av lærar med norsk utdanning og praksis. Personar som ikkje har bestått norsk vidaregåande opplæring, må dessutan dokumentere tilfredsstillande kunnskapar, dugleik og innsikt i norsk språk og norske samfunnsforhold og skoleforhold.

Den som har grad eller utdanning frå utanlandsk institusjon, kan få denne godkjend som likestilt med norsk utdanning eller som fagleg jamgod med norsk utdanning, jf. lov om universitet og høgskeolar § 3–4 andre og tredje ledd.

Kunnskapsdepartementet godkjenner den som har fagbrev, sveinebrev eller fullført og bestått anna yrkesfagleg utdanning i vidaregåande opplæring, 2 års yrkesteoretisk utdanning utover vidaregåande skolenivå og 4 års yrkespraksis etter fullført vidaregåande opplæring for undervisning i fag/på fagområde som utdanninga/bakgrunnen er relevant for. I tillegg krevst pedagogisk kompetanse etter § 14–1.

§ 14–8 *Tidlegare godkjend utdanning*

Alle som har utdanning som lærar etter tidlegare reglar, eller som har fått dispensasjon frå tidlegare lærarutdanningskrav, vil framleis ha gyldig kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling.

§ 14–9 *Stillingstitlar*

Stilling i grunnskolen og i vidaregåande opplæring skal normalt vere lærar, adjunkt eller lektor

Kapittel 15 **Krav om politiattest ved tilsetjing i grunnskolen, skolefritidsordninga og den vidaregåande skolen**

(Opplæringslova § 10–9 fjerde ledd)

§ 15–1 *Generelt*

Alle som skal tilsetjast i grunnskolen, den vidaregåande skolen eller skolefritidsordninga, skal leggje fram attest frå politiet. Kravet gjeld både fast personell og mellombels tilsette.

§ 15–2 *Innhaldet i politiattesten*

Med politiattest etter opplæringslova § 10–9 første og andre ledd er meint ein politiattest som viser om personen er sikta, tiltalt eller dømd for brot på straffelova §§ 193, 194, 195, 196, 197, 199, 200 andre ledd og § 201 bokstav c. Med politiattest etter opplæringslova § 10–9 tredje ledd er meint ein politiattest som viser om personen er sikta, tiltalt eller dømd for brot på straffelova §§ 192, 193, 194, 195, 196, 197, 199, 200 første og andre ledd og § 201 bokstav b og c. Attesten skal ikkje vere eldre enn 3 månader.

Førelegg, overføring til konfliktråd, påtaleunnlating, frikjenning og fråfallen sikting eller tiltale skal ikkje gå fram av attesten.

§ 15–3 Framgangsmåte

Arbeidsgivaren skal i utlysingsteksten gjere søkjarar merksame på at det vil bli kravd politiattest ved tilsetjing, men at slik attest ikkje skal leggjast ved søknaden. Attest skal berre krevjast av den søkjaren som får tilbod om stillinga. Det skal i tilbodet takast atterhald om at forhold nemnde i opplæringslova § 10–9 og forskrifta § 15–2 kan medføre endring i tilbodet om stilling. Politiattest skal liggje føre før arbeidstakaren blir tilsett i stillinga.

For utferding av attest gjeld lov 11. juni 1971 nr. 52 om strafferegistrering og forskrift 20. desember 1974 nr. 4 om strafferegistrering, med dei unntak og presiseringar som går fram av forskrifta § 15–2.

§ 15–4 Behandling av politiattest

Politiattesten skal oppbevarast utilgjengeleg for uvedkomande, og skal makulerast straks etter å ha vore nytta i tilsetjingssaka eller til det formålet attesten er innhenta, jf. § 15–3.

§ 15–5 Teieplikt

Den som får kjennskap til opplysningar gjennom ein politiattest, pliktar å hindre at uvedkomande får tilgjenge eller kjennskap til opplysningane, jf. forvaltningslova §§ 13–13e. Brot kan straffast etter straffelova § 121.

Kapittel 16 (for eventuell seinare bruk)

Kapittel 17 Kravet om språkleg parallellutgåve

(Opplæringslova § 9–4)

§ 17–1 Generelt

Kravet i opplæringslova § 9–4 første ledd skal sikre mest mogleg likt tilbod av læremiddel på begge målformer. Samtidig skal reglane gjere det enklare for elevane å dra nytte av opplæringa, og sikre dei språklege rettane til elevane. Reglane skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av lærestoff i opplæringa.

§ 17–2 Hovudregel

Læremiddel i andre fag enn norsk for årskull med elevtal over 300 må liggje føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Kravet om språklege parallellutgåver gjeld alle læremiddel som elevane skal bruke regelmessig i opplæringa, så framt læremidla dekkjer vesentlege delar av dei generelle måla i læreplanen, eller vesentlege delar av måla, lærestoffet, hovudmomenta eller hovudemna i eit fag etter læreplanen for eit visst klassetrinn eller kurs.

Læremiddel vil her seie alle trykte eller ikkje-trykte element, enkeltståande eller slike som går inn i ein heilskap, og som aleine eller til saman dekkjer vesentlege delar av dei

generelle måla i læreplanen, eller vesentlege delar av måla, lærestoffet, hovudmomenta eller hovudemna i eit fag etter læreplanen for eit visst klassetrinn eller kurs.

Regelmessig bruk vil her seie at læremidlet blir brukt fast, over ein lengre periode, eller jamleg. Dette må sjåast i samanheng med § 17–1.

§ 17–3 *Unntak*

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, aviser, oppslagsverk og liknande, både trykte og ikkje trykte, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve sjølv ved regelmessig bruk. Det same gjeld spesiell programvare som ikkje til vanleg blir nytta som kontorstøtteprogram.

Læremiddel der den norske teksten ikkje har noko vesentlig å seie for bruken, fagleg eller pedagogisk, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve.

§ 17–4 *Alternative måtar*

I læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kan kravet om språkleg parallellutgåve oppfyllest ved ei fellesspråkleg utgåve.

Utdanningsdirektoratet kan etter søknad gi løyve til at språklege parallellutgåver av læremiddel for fagområde med små elevgrupper eller for fag i rask endring kan liggje føre som kombinasjonar av trykte og elektroniske utgåver, t.d. som utskrifter frå diskett, utskrifter frå Internett eller bestillingsproduserte utgåver.

§ 17–5 *Oppfølgingsansvar*

Skoleeigaren har ansvaret for å følgje opp dei rettane elevane har til læremiddel på eiga målform ved mellom anna å ta i bruk godkjende lærebøker. Skoleeigaren har ansvaret for å sjå til at dei læremidla som blir brukte regelmessig i opplæringa, ligg føre i språklege parallellutgåver etter §§ 17–1 til 17–4.

Kapittel 18 Kommunen sitt økonomiske ansvar for grunnskoleopplæringa

(Opplæringslova § 13–1 andre ledd)

§ 18–1 *Kommunen sitt økonomiske ansvar for elevar som får opplæring utanfor bustadkommunen*

- a) For barn som ikkje er særskilt nemnde under punkt b, c og d, og som får grunnskoleopplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp utanfor kommunen, betaler bustadkommunen etter avtale. Bustadkommunen fastset omfanget av spesialundervisninga og den spesialpedagogiske hjelpa etter sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Bustadkommunen er den kommunen der foreldra, eller den av foreldra som har omsorga for barnet, bur.
- b) For barn som er i og under opplæringspliktig alder, og som barnevernstenesta eller fylkesnemnda plasserer utanfor kommunen, i fosterheim eller i institusjonar som ikkje er nemnde under punkt c og d, gjeld dette:

- Den kommunen som etter lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester har det økonomiske ansvaret for disse barna, ber også det økonomiske ansvaret for grunnskoleopplæringa, spesialundervisninga og den spesialpedagogiske hjelpa, jf. lov om barneverntjenester § 9–1.
 - Om ikkje anna blir avtalt, skal den kommunen som ber det økonomiske ansvaret, betale for vanleg undervisning det som ein elev i den kommunen der eleven har opphald, kostar i gjennomsnitt. For spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp fastset bustadkommunen omfanget etter ei sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Det økonomiske ansvaret følgjer av det fastsette omfanget.
- c) For barn og unge i institusjonar som den statlege regionale barnevernmyndigheita har ansvaret for etter barnevernlova § 5–1, og barn og unge i private og kommunale institusjonar som er godkjende etter barnevernlova § 5–8, gjeld opplæringslova § 13–2.
- d) For pasientar i helseinstitusjonar som eit regionalt helseføretak eig, og for pasientar i private helseinstitusjonar som har avtale med regionale helseføretak, gjeld opplæringslova § 13–3 a.
- e) I tvilstilfelle avgjer Fylkesmannen i det fylket der barnet oppheld seg, kven som er ansvarleg for kostnadene.

Kapittel 19 Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar for vidaregåande opplæring

(Opplæringslova § 13–3 og § 3–9 femte ledd)

Refusjon av utgifter til opplæring for gjesteelevar som går i fylkeskommunale vidaregåande skolar

§ 19–1 Generelt

Reglane her gjeld refusjon av utgifter til undervisning for gjesteelevar som går i fylkeskommunale vidaregåande skolar.

Reglane gjeld i den utstrekning andre løysingar ikkje følgjer av andre føresegner eller er avtalte mellom eit heimfylke og eit skolefylke.

Reglane her omfattar ikkje

- elevar som blir dekte av landslinjeordninga
- elevar ved sentrale lærlingskolar
- elevar som blir dekte av fengselsundervisningsordninga
- elevar som blir lagde inn på sjukehus utanfor heimfylket medan dei er elevar ved ein vidaregåande skole

§ 19–2 Definisjonar

Med gjesteelev er her meint elev som er teken inn til eit vidaregåande skoletilbod i ein fylkeskommune der eleven ikkje er registrert i folkeregisteret som busett per 1. januar det året kurset tek til.

Med heimfylke er meint den fylkeskommunen der ein elev er registrert som busett per 1. januar det året kurset tek til.

§ 19–3 Ansvar

Det er skolefylket sitt ansvar å bringe på det reine om vilkåra for å krevje refusjon er til stades.

§ 19–4 Refusjon

Det kan krevjast refusjon frå heimfylket for gjesteelevar tekne inn

- a) til teoriundervisning for lærlingar
- b) etter førerrett til inntak ved institusjonar der dei er langtidspasientar, med 6 læretimar per veke per elev avgrensa til 3 år
- c) på annan måte enn nemnt ovanfor, i den utstrekning heimfylket har akseptert å betale refusjon.

Det kan ikkje krevjast refusjon for gjesteelevar som er tekne inn til tilbod som også finst i det fylket der eleven er busett.

Økonomisk ansvar for utgifter til opphald for teiknspråklege elevar som får opplæring etter opplæringslova § 3–9

§ 19–5 Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar for utgifter til opphald

Fylkeskommunen har det økonomiske ansvaret for utgifter til kost og losji for elevar som får opplæring etter opplæringslova § 3–9.

Fylkeskommunen har det økonomiske ansvaret for utgifter til nødvendige sosialpedagogiske tiltak for elevar som har behov for hjelp med å finne seg til rette i skole- og fritida, mellom anna utgifter til nødvendig miljøpersonale.

Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar etter første og andre ledd gjeld elevar som er busette i fylket, og som må flytte heimanfrå for å få opplæring. Fylkeskommunen der eleven er busett, gjer det endelege vedtaket etter første og eventuelt andre ledd.

Kapittel 20 Foreldreutvalet for grunnskolen

(Opplæringslova § 11–9)

§ 20–1 Formål

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim.

FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og skal vareta foreldra sine interesser i skolesamanheng.

Kapittel 21 Tilgang til skolebibliotek

(Opplæringslova § 9–2 andre ledd)

§ 21–1 *Tilgang til skolebibliotek*

Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.

Kapittel 22 Retten til nødvendig rådgiving

(Opplæringslova § 9–2 første ledd)

§ 22–1 *Sosialpedagogisk rådgiving*

Den enkelte eleven har rett til å få nødvendig rådgiving, oppfølging og hjelp med å finne seg til rette under opplæringa, ved spesielle faglege vanskar under opplæringa, og ved personlege og sosiale vanskar som har noko å seie for opplæringa.

§ 22–2 *Utdannings- og yrkesrådgiving*

Den enkelte eleven har rett til å få rådgiving om utdannings- og yrkesval. Ved overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring skal det leggjast særleg vekt på rådgiving om kva dei ulike studieretningane fører fram til.

Den enkelte eleven skal få informasjon om utdanning, yrke og arbeidsmarknad. Dette omfattar mellom anna informasjon om

- grunntrekka ved utdanningsvegane i Noreg og andre land
- yrke og arbeidsmarknad lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- ulike inntaksvilkår, søknadsfristar, lånevilkår, finansieringsordningar.

Informasjonen og rådgivinga må leggjast opp slik at eleven gradvis kan utvikle kunnskap, sjølvinnstikk og evne til sjølv å kunne ta avgjerd om vidare utdanning og framtidig yrke, utan omsyn til tradisjonelle kjønnsroller.

§ 22–3 *Ansvar*

Skoleeigaren er ansvarleg for å oppfylle rettane etter §§ 22–1 og 22–2.

Kapittel 23 Dispensasjon frå forskrifta

§ 23–1 *Dispensasjon*

Departementet kan i særlege tilfelle dispensere frå reglane i kapitla 3, 4, 6 og 24.

Kapittel 24 Innføringstakt for Læreplanverket for Kunnskapsløftet og overgangsordningar frå L97 og Reform 94 til Kunnskapsløftet

Grunnskolen

§ 24–1 Grunnskolen

Frå og med 1. august 2006 skal 1. til 9. årstrinnet ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet, inklusive ny fag- og timefordeling. Frå og med 1. august 2007 skal 10. årstrinnet ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet, inklusive ny fag- og timefordeling.

Første eksamen i grunnskolen etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er våren 2008.

Læreplan i Kunnskapsløftet for framandspråk og språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk blir innført på 8. årstrinnet frå og med 1. august 2006, på 9. årstrinnet frå og med 1. august 2007 og på 10. årstrinnet frå og med 1. august 2008. Frå og med 1. august 2006 til og med 31. juli 2008 skal læreplanen i tilvalsfag og vurderingsordningane i L97 gjelde for dei årstrinna som ikkje har framandspråk eller språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk. (Dvs. at eleven og foreldra kan velje om eleven skal ha vurdering med karakter i tilvalsfag. Dersom ein vel vurdering med karakter i tilvalsfag, skal det setjast terminkarakter og standpunktkarakter. Karakter i tilvalsfag tel ikkje ved inntak til vidaregåande opplæring.)

Faget programfag til val på ungdomstrinnet blir obligatorisk frå og med 1. august 2008. Frå og med 1. august 2006 til og med 31. juli 2008 kan faget programfag til val innførast lokalt på ungdomstrinnet. Departementets retningslinjer for lokal utarbeiding av læreplan for programfag til val skal da leggjast til grunn. Der ein lokalt ikkje innfører faget programfag til val, skal ein følgje læreplanen 'Skolens og elevenes valg' i L97. Både for lokalt utarbeidd læreplan for programfag til val i Kunnskapsløftet og læreplanen 'Skolens og elevenes valg' frå L97 gjeld timeramma for programfag til val i Kunnskapsløftet og vurderingsordningane for tilvalsfag i L97.

31. juli 2006 blir læreplanane i L97 trekte tilbake for 1.–9. trinn. 31. juli 2007 blir læreplanane i L97 trekte tilbake for 10. trinn. Læreplanen 'Skolens og elevenes valg' blir trekt tilbake frå og med 31. juli 2008. Siste eksamen i grunnskolen etter læreplan i L97 er våren 2007.

Utdanningsdirektoratet fastset nødvendige justeringar i overgangsperioden når det gjeld eksamensordningar og vitnemålsformular i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Det gjeld også dei som har avvikande lokalt startstidspunkt for Kunnskapsløftet på grunnlag av særskild søknad.

Vidaregåande opplæring

§ 24–2 Poengutrekning ved inntak frå grunnskolen til vidaregåande opplæring

Frå og med 1. august 2006 til og med 31. juli 2008 skal eventuell karakter i tilvalsfag og 'Skolens og elevenes valg' med læreplan frå L97 ikkje telje med i poengutrekninga ved inntak til vidaregåande opplæring. Det same gjeld eventuell karakter i faga framandspråk, språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk og programfag til val i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

§ 24–3 *Overgang til vidaregåande opplæring i studieførebuande utdanningsprogram for elevar som har hatt framandspråk i grunnskolen*

Elevar som fullfører 10. årstrinnet skoleåra 2005/2006, 2006/2007 og 2007/2008 med framandspråk som tilvalsfag, kan innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, velje

- a) å halde fram på nivå II i det framandspråket dei har hatt på ungdomstrinnet
- b) å ta eit nytt framandspråk på nivå I som dei ikkje har hatt opplæring i tidlegare

- c) å begynne på nytt på nivå I i det språket dei har hatt på ungdomstrinnet, eller

- d) å ta framandspråk på nivå I og nivå II over tre år

Elevar som fullfører 10. årstrinnet skoleåra 2006/2007 og 2007/2008 med løyve til å bruke læreplanen for framandspråk i Kunnskapsløftet, kan, innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, velje mellom alternativ a og alternativ b, jf. første ledd.

§ 24–4 *Overgang til vidaregåande opplæring i studieførebuande utdanningsprogram for elevar som ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen*

Elevar som fullfører 10. årstrinnet skoleåra 2005/2006, 2006/2007 og 2007/2008 utan framandspråk som tilvalsfag, kan innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, velje

- a) å ta eit framandspråk på berre nivå I over to år, eller
- b) å ta eit framandspråk på nivå I og nivå II over tre år

Elevar som fullfører 10. årstrinnet frå og med skoleåret 2008/2009 med læreplanen for fordjuping i norsk eller engelsk i Kunnskapsløftet, skal innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, ta framandspråk på nivå I og nivå II over tre år.

Elevar i grunnskolen må gjerast kjende med at dersom dei ikkje vel framandspråk på ungdomstrinnet, vil timetalet til valfrie programfag i vidaregåande opplæring av denne grunn bli redusert med 140 timar, jf. § 1–10.

§ 24–5 *Innføring av Læreplanverket for Kunnskapsløftet i vidaregåande opplæring*

Frå og med 1. august 2006 skal vidaregåande trinn 1 ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet i fag som i samsvar med fag- og timefordelinga ligg på vidaregåande trinn 1. Frå og med 1. august 2007 skal vidaregåande trinn 2 ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet i fag som i samsvar med fag- og timefordelinga ligg på vidaregåande trinn 2. Frå og med 1. august 2008 skal vidaregåande trinn 3 ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet i fag som i samsvar med fag- og timefordelinga ligg på vidaregåande trinn 3.

Elevar som har fått rett til utvida opplæring etter opplæringslova § 3–1 femte ledd, kan likevel fullføre opplæringa etter læreplanen for Reform 94. Det må skje innan dei tidspunkta som er fastsette i §§ 24–5 til 24–7.

Første sentralt gitt eksamen i fag etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er våren 2007 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta på vidaregåande trinn 1, våren 2008 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta på vidaregåande trinn 2, og våren 2009 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta på vidaregåande trinn 3.

Lokalt gitt eksamen skal følgje same innføringstakt som sentralt gitt eksamen. Fylkeskommunen kan bestemme at første eksamen i fag med lokalt gitt eksamen i staden skal vere om hausten same året som Læreplanverket for Kunnskapsløftet i faget skal takast i bruk.

Der programfag ikkje er knytte til spesifikke årssteg i fag- og timefordelinga i Kunnskapsløftet, fastset Utdanningsdirektoratet tidspunktet for første eksamen i faga.

§ 24–6 *Tilbaketrekking av læreplanar og siste eksamen i fag med læreplan for Reform 94 i vidaregåande opplæring*

Frå og med 31. juli 2006 blir læreplanane i grunnkurs i Reform 94 trekte tilbake. Frå og med 31. juli 2007 blir læreplanane i vidaregåande kurs I i Reform 94 trekte tilbake. Frå og med 31. juli 2008 blir læreplanane i vidaregåande kurs II i Reform 94 trekte tilbake.

Etter at læreplanane for opplæring i Reform 94 er trekte tilbake, er det likevel høve til å komplettere og forbetre karakterar i fag ved å ta eksamen i faget. Siste eksamen i fag med læreplanar for Reform 94 skal haldast våren 2008 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta i grunnkurs, våren 2009 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta i vidaregåande kurs I, og våren 2010 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta i vidaregåande kurs II.

Siste høvet til å få utferda kompetansebevis og vitnemål frå Reform 94 er våren 2010. Etter siste eksamen i faget med læreplan for Reform 94 kan fag etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet erstatte fag frå Reform 94. Utdanningsdirektoratet fastset kva for fag i Kunnskapsløftet som kan erstatte fag i Reform 94.

§ 24–7 *Lærekontrakt og fag-/sveineprøve etter læreplan for Reform 94 og Kunnskapsløftet*

Lærlingar kan teikne lærekontrakt etter ordninga for Reform 94 fram til desse datoane:

- a) 31. desember 2007 for lærlingar utan grunnkurs
- b) 31. desember 2008 for lærlingar med fullført grunnkurs (særlop)
- c) 31. desember 2009 for lærlingar med fullført VKI
- d) 31. desember 2010 for lærlingar med fullført VKII (flyfag)

Etter desse datoane kan det likevel teiknast lærekontrakt etter ordninga for Reform 94 i lærefag med store endringar. Utdanningsdirektoratet bestemmer alternativ innføringstakt for desse faga. Fylkeskommunen avgjer kva for ein plan som skal leggjast til grunn ved lange avbrot i opplæringa.

Fag-/sveineprøve etter læreplan i Reform 94 må vere avlagd innan 31. desember 2011, så nær som i lærefag der Utdanningsdirektoratet har fastsett ein annan innføringstakt.

Siste sentralt gitte teoriprøve for praksiskandidatar med læreplanar for Reform 94 skal vere våren 2008.

Første fag-/sveineprøve i fag etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er våren 2008 for praksiskandidatar og våren 2009 for lærlingar.

§ 24–8 *Uttekslingsselevar og andre som utset eller avbryt vidaregåande opplæring*

Elevar som får godkjent opplæring i eitt år tilsvarande grunnkurs eller vidaregåande kurs I i utlandet, avsluttar opplæringa etter den læreplanen dei har begynt opplæringa i.

Elevar som har hatt avbrot i opplæringa, og som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1, må følgje dei læreplanane som gjeld på det tidspunktet dei held fram opplæringa, jf. også § 24–7.

§ 24–9 *Påbegynt opplæring i Reform 94 og overgang til Kunnskapsløftet i vidaregåande opplæring*

Grunnkurs som er fullført og bestått i Reform 94 innan 1. august 2010, kan godkjennast som tilsvarande vidaregåande trinn 1 innanfor same fagområdet i Kunnskapsløftet. Vidaregåande kurs I som er fullført og bestått i Reform 94 innan 1. august 2010, kan godkjennast som tilsvarande vidaregåande trinn 2 innanfor same fagområdet i Kunnskapsløftet. Utdanningsdirektoratet fastset kva for krav som skal setjast til felles allmenne fag / fellesfag og studieretningsfag/programfag for å få godkjenning.

Dei som ikkje har fullført og bestått grunnkurs eller vidaregåande kurs I frå Reform 94 innan 1. august 2010, må tilfredsstille krava i Læreplanverket for Kunnskapsløftet fullt ut.

Beståtte fag i Reform 94 frå grunnkurs og vidaregåande kurs I og II kan også enkeltvis erstatte fag i Kunnskapsløftet. Utdanningsdirektoratet fastset kva for fag i Reform 94 som kan erstatte fag i Kunnskapsløftet.

§ 24–10 *Overgangsreglar for opplæring spesielt organisert for vaksne i vidaregåande opplæring*

Innføringstakta for opplæring spesielt organisert for vaksne i vidaregåande opplæring følgjer normalt innføringstakta for ordinær opplæring etter læreplanane i Kunnskapsløftet, jf. § 24–5. For opplæring spesielt organisert for vaksne må likevel innføringstakta tilpassast i forhold til første høve til å ta eksamen i det enkelte faget i Kunnskapsløftet. Opplæringa i fag som er planlagde avslutta seinast hausten før første ordinære eksamen i faget i Kunnskapsløftet, må derfor følgje læreplanane i Reform 94. Opplæringa i fag som er planlagde avslutta samtidig med eller etter avviklinga av første ordinære eksamen i Kunnskapsløftet, skal følgje læreplanane i Kunnskapsløftet.

Opplæring spesielt organisert for vaksne etter læreplanane i Reform 94 skal seinast vere avslutta om hausten skoleåret før siste eksamen i det enkelte faget etter læreplanar i Reform 94. Siste eksamen i det enkelte faget er fastsett i § 24–6. Siste fag- og sveineprøve

er fastsett i § 24–7. Etter dei tidspunkta som er angitte i desse paragrafane, vil det ikkje bli halde eksamen eller fag- og sveineprøve etter læreplanane i Reform 94. Siste tidspunkt for utferding av kompetansebevis og vitnemål i Reform 94 er fastsett i § 24–6, og for fag- og sveinebrev i § 24–7.

§ 24–11 Vitnemål

På kompetansebevis og vitnemål frå Kunnskapsløftet skal det berre førast fag frå Kunnskapsløftet. På kompetansebevis og vitnemål frå Reform 94 skal det berre førast fag frå Reform 94. Utdanningsdirektoratet fastset korleis fag som erstattar kvarandre frå Reform 94 og Kunnskapsløftet, skal førast på dokumentasjonen.

§ 24–12 Unntak frå forskrifta

For elevar, privatistar, lærlingar, lære kandidat og praksiskandidat som ikkje følgjer Læreplanverket for Kunnskapsløftet, gjeld i staden for tilvisingar til Læreplanverket for Kunnskapsløftet og ny terminologi fastsett i opplæringslova, læreplanane i L97, Reform 94 og tidlegare nemningar som er fastsette i desse reformene.

For dei som avsluttar opplæringa etter læreplanane i Reform 94, gjeld dette:

- a) Elevane skal ha éin felles karakter i orden og åtferd, jf. § 4–9.
- b) Føresegnene om kriteria for utferding av primærvitnemål er uendra.
- c) Det skal ikkje utferdast vitnemål for bestått fag- eller sveineprøve, jf. § 4–31.

Kapittel 25 Ikraftsetjing

§ 25–2 Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde 1. august 2006. Frå same dag blir forskrift 28. juni 1999 nr. 722 til opplæringslova oppheva.